

Konsekvensutgreiing og ROS-analyse av enkeltareal

Akvakultur og råstoffutvinning


Innhald

15.9988_1 Råstoffutvinning - skjelsanduttak	3
15.9988_2: Råstoffutvinning - skjelsanduttak, og 18.1507/20.5432 Akvakultur	6
15.9988_3: Råstoffutvinning - skjelsanduttak	13
15.9988_4 Råstoffutvinning – skjelsanduttak	17
16.13986_1 og 2 Akvakultur, 16.13986_2b Kombinert formål i sjø	21
19.1059_1 Akvakultur, 19.1059_1b Kombinert formål i sjø	27
19.1059_2 Akvakultur, 19.1059_2b Kombinert formål i sjø	32
19.1059_3 Akvakultur, 19.1059_3b Kombinert formål i sjø	37
19.1059_4 Akvakultur, 19.1059_4b Kombinert formål i sjø	41
19.3387_1 Akvakultur	45
19.561_2 Akvakultur, og 19.561_2b Kombinerte føremål i sjø	49
19.561_3 Akvakultur , 19.561_3b Kombinert føremål i sjø	54
16.11474 Ta vekk akvakulturanlegg i Ålfjorden	59

OVERSIKTSKART

UTKAST

15.9988_1 Råstoffutvinning - skjelsanduttak

Gjeldande arealbruk Friluftsområde	Arealendring 
Planlagt arealbruk Råstoffutvinning – skjelsanduttak	
Arealstorleik planlagt arealbruk	108 daa
Skildring av området	Innspelet ligg nord for Hovdaneset og sør for Buavåg, i Bømlafjorden. Kartvedlegg knytt til innspelet var av eldre dato og har uklår avgrensing. Ein har difor lagt til grunn NGU sitt kart som syner skjelsandførekomstar.
Aktuelle problemstillingar	Overordna vurdering knytt til uttak av ein ikkje-fornybar ressurs (skjelsand), som er viktig for gyte- og oppvekstområde for fisk og skaldyr, opp mot bruk som m.a. kalkingsmiddel i landbruket og av vassdrag, som kalktilskot i kraftfôr og hønsefôr, samt til etablering av kunstige sandstrender.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald	Naturtypar: Det er registrert kystlynghei i dei tilgrensande landområda. Det er ikkje registrert naturtypen større skjelsandførekomstar i området, men ressursen skjelsand er registrert i området. Denne sanden består av knuste og delvis nedbrotne kalkskal frå skjel og andre marine organismar. Skjelsand er eit habitat som ofte er rikt på bløtbunnsfauna, og fungerer mellom anna som gyte- og oppvekstområde for fleire fiskeartar. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert	Potensiell påverknad for naturmangfald er knytt til støy/aktivitet og arealbe- slag/nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for natur- mangfald lokalt. Ved uttak av skjelsand vil skjelsandførekomsten påverkast negativt, inkludert assosiert fauna.	-2

	Gytfelt/-område/beite- og oppvekstområde: Ikkje registrert		
Friluftsliv	Statleg sikra friluftområde: Ingen Det er ingen registrerte friluftslivområde innanfor innspelet. I tilgrensande område på land er det registrert to friluftslivområde: Hovdaneset, med verdi Viktig, skildra som tursti til tidlegare gullgruver, og Kvitaneset, med verdi Viktig, skildra som tursti, gravrøys, badeplass til sjø.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med registrerte friluftsområde. Innspelet vil medføre anna type aktivitet/ støy i sjø like ved registrert friluftsområde. Opplevingsverdien vil verta noko redusert i periodane det vert teke ut skjelsand. Det vil også rekreasjon på sjø ved at fartøy som tar opp skjelsand vil vera til hinder for ferdsel og fiske.	-1
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområde Bømlafjorden, og har verdi 2. Området er ein del av landskaps-typen brede fjordløp og opne fjordmunninger, og er skildra slik: Åpent breitt fjordløp med omfattende båttrafikk. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Det vil ikkje vera landskapsmessige konsekvensar av innspelet, då opptaket av skjelsand skjer ved hjelp av spesialtilpassa fartøy, og det vil ikkje verte etablert permanente tiltak i området.	0
Kulturminne og kulturmiljø	Innspelet overlappar med registrert omsynssone for gardstun og naustmiljø ved Nordheim, Langmyr, Hovda. Området er skildra som kulturlandskap med flotte tørrmurar, steingardar, restar etter mange bygningar mm. frå ca. 1860. Naustmiljø med 3 bygg i Geitavika. Området er kommunalt listeført, og ligg inne som omsynssone kulturmiljø i kulturminneplanen.	Innspelet vil ikkje medføre konsekvensar for nærliggande kulturmiljø, då det ikkje skal etablerast permanente tiltak i området. Aktiviteten knytt til sjølve opptaket av skjelsand ved hjelp av spesialtilpassa fartøy er ikkje vurdert til å påverka opplevinga av kulturmiljøet	0
Naturressursar	Det er ikkje registrert fiskefelt for aktive eller passive reiskap i nærleiken av innspelet. Det ligg to låssettingsplassar nord for innspelet; Rognskår og Grunnavågen, begge skildra som lite brukt. NGU har registrert skjelsandførekomst i området. Denne typen førekomst er rekna som ein ikkje-fornybar ressurs i et menneskeleg tidsperspektiv.	Innspelet vil truleg ikkje koma i konflikt med dei registrerte låssettingsplassane, eller med andre kjende fiskeriinteresser. Innspelet vil påverke registrert skjelsandførekomst negativt, då føremålet er å ta ut skjelsand. Uttaket inneber at ressursen sin framtidige verdi vert redusert.	-1
Teknisk infrastruktur	Innspelet er ikkje i konflikt med farlei eller kvit sektor. Det er ikkje registrert ankringsområde, opplagsområde eller riggområde som er i konflikt med innspelet.		0

Nærmiljø	Tilgrensande landområde er vist som LNF og naustføremål i gjeldande kommuneplan, og det er lite busetnad tett på innspelet. Det skal heller ikkje etablerast permanente tiltak i området som følgje av innspelet.	0
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet vil bidra til sysselsetjing og verdiskaping. Naturressursen vil skape arbeidsplassar i samband med uttak, og truleg også i samband med foredling av ressursen. Det er avgrensa tilgang på skjelsand som ressurs og innspelet medverkar til verdiskaping.	+1
Samfunnsnytte og berekraft	Samfunnsnytta ved å ta opp skjelsand (verdiskaping, bruk av skjelsand til mellom anna kalking som miljøforbetrande tiltak, etablering av kunstige sandstrender) må vurderast opp mot miljøkostnaden (varig tap av ikkje-fornybar naturressurs).	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Ekstremvær Vind og bølger	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg i Bømlafjorden, relativt eksponert. Opptak av skjelsand kan truleg tilpassast årstid og ver-/vindtilhøve.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Ulukke på sjø	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg i god avstand frå farlei, og er ikkje i konflikt med kvit sektor.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er god avstand mellom innspelet og eksisterande busetnad og regulerte utbyggingsområde.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø	Næringsliv og sysselsetting
-2	-1	0	0	-1	0	0	+1

Skjelsand er rekna som ein ikkje-fornybar ressurs som er viktig for botnlevande organismar, og som har betydning som gyte- og oppvekstområde for fisk og skaldyr.


Samfunnsnytta ved å ta opp skjelsand (verdiskaping, bruk av skjelsand til mellom anna kalking som miljøforbetrande tiltak, etablering av kunstige sandstrender) må vurderast opp mot miljøkostnaden (varig tap av ikkje-fornybar naturressurs).

Kunnskapsgrunnlaget når det gjeld konsekvensar av skjelsanduttak er relativt avgrensa, både med omsyn til naturmangfald/botnlevande organismar og konsekvensar for gyteområde/gytefelt, og dermed indirekte for fiskeria. Sjøbotnen i dei aktuelle områda er i tillegg i liten grad kartlagd.

Innspelet vert på bakgrunn av dette tilrådd negativt.

Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding

15.9988_2: Råstoffutvinning - skjelsanduttak, og 18.1507/20.5432 Akvakultur

Skildring av arealendringa:	
<p>Gjeldande arealbruk Friluftsområde</p>	<p>Arealendring</p> 
<p>Planlagt arealbruk/tal einingar Akvakultur Kombinerte føremål i sjø Råstoffutvinning</p>	
<p>Arealstorleik planlagt arealbruk</p>	<p>Skjelsanduttak (1): om lag 230 daa Akvakultur (2): om lag 360 daa Fortøyingsområde: om lag 1273 daa</p>
<p>Skildring av området</p>	<p>Innspelet ligg i Bømlafjorden, eit stykke sør for Valevåg. Det ligg to sletta akvakulturlokalitetar i området, Breidvik, som ligg tett på land, og Kvernaneset, som ligg lenger ute. Lokaliteten Kvernaneset vart registrert som sletta i september 2023, og på tidspunktet innspelet kom inn var lokaliteten godkjent.</p> <p>Området består elles av urørt strandsone med lang avstand til busetnad. Det er registrert friluftsområde på land.</p> <p>Innspelet Skjelsanduttak: Kartvedlegg knytt til innspelet var av eldre dato og hadde uklår avgrensing. Ein har difor lagt til grunn NGU sitt kart som syner skjelsandførekomstar. Innspelet ligg under/på same areal som etablert akvakulturanlegg i sjø.</p> <p>Akvakultur: Innspelet gjeld utviding av godkjent anlegg 32217 Kvernaneset, for å kunne justere lokaliteten der straumtilhøva er best.</p>
<p>Aktuelle problemstillingar</p>	<p>Innspelet Skjelsanduttak: Overordna vurdering knytt til uttak av ein ikkje-fornybar ressurs (skjelsand), som er viktig for gyte- og oppvekstområde for fisk og skaldyr, opp mot bruk som kalkingsmiddel i landbruket og av vassdrag, som kalktilskot i kraftfôr og hønsefôr, samt til etablering av kunstige sandstrender.</p> <p>Ein stor del av innspelet er synt som arealsone akvakultur i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Mindre del (326 daa) knytt til fortøyingar i nordvest som ikkje inkluderer akvakultur i arealsona.</p> <p>Begge innspela: Samlokalisering av to næringar, interessekonflikt. Strandsone/kystsone. Friluftsliv.</p>

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens
---------------------	-------	------------

Naturmangfald	<p>Naturtypar: Det er ikkje registrert naturtypen større skjelsandførekomstar i området, men ressursen skjelsand er registrert i området. Denne sanden består av knuste og delvis nedbrotne kalkskal frå skjel og andre marine organismar.</p> <p>Skjelsand er eit habitat som ofte er rikt på bløtbunnsfauna, og fungerer mellom anna som gyte- og oppvekstområde for fleire fiskeartar.</p> <p>Naturvern: Ingen registreringar</p> <p>Vilt/funksjonsområde: Det er registrert ein trekkveg for; Ulvåkerhammaren over Bømlafjorden.</p> <p>Artar: Ingen registreringar, men det er hekkeområde for Tyvjo (sårbar art) på Midvikøya, om lag 900 m lenger sør.</p> <p>Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Ikkje registrert.</p>	<p>Innspelet Skjelsanduttak: Potensiell påverknad for naturmangfald er knytt til støy/aktivitet og arealbeslag/nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.</p>	-2
	<p>Innspelet Akvakultur:</p> <p>Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.</p> <p>Det er ikkje etablert oppdrettsanlegg innanfor eller i nærleiken av innspelet i dag, og området er såleis ikkje påverka av oppdrettsverksemd i dag.</p> <p>Potensiell påverknad for naturmangfald er knytt til arealbeslag, i tillegg til forstyrringar i driftsfasen, som t.d. støy/aktivitet.</p> <p>Innspelet ligg relativt tett på hekkeområde for Tyvjo. Fuglane kan verta negativt påverka av støy og aktivitet frå anlegg i området.</p> <p>Avstanden til gytefelt/-område er såpass stor at det er vurdert at innspelet ikkje kjem i konflikt med desse.</p>	-2	
Vassdragsnatur (gjeld berre akvakultur-innspelet)	<p>Anadromt vassdrag: Det næraste registrerte anadrome vassdraget (Frugardselva) ligg 12 km frå innspelet i luftlinje. Bømlafjorden er ei viktig vandringsrute for laksesmolt frå dei store vassdraga i Hardanger og Sunnhordland.</p> <p>Sveio kommune ligg i produksjonsområde 3 (Karmøy til Sotra). På grunn av mykje oppdrettsfisk i området er utsleppet av lakselus høgt, og samla sett er risikoen for dødelegheit på utvandrande laks vurdert som høgt i dette området (HI – risikorapport 2022). På bakgrunn av dette ligg området per i dag i raud sone (produksjonen må reduserast).</p>	<p>Potensiell påverknad av fiskeoppdrett for vassdragsnatur er i hovudsak knytt til påverknad på villfisk (genetisk innblanding ved eventuell rømming, lakselus og annan smitte).</p> <p>Større AK-område gir potensiale for auka biomasse på lokaliteten, og dermed forventet auke i mengd lakselus i fjordsystemet. Dette kan igjen medføre auke i dødelegheit av utvandrande laksesmolt og beitande sjøaure.</p> <p>Nye lokalitetar for akvakultur vil kunne medføre auka biomasse,</p>	-3

		<p>og dermed forventet auke i mengde lakselus i fjordsystemet.</p> <p>Det kan igjen medføre auke i dødelighet av utvandrende laksesmolt og beitende sjøaure.</p> <p>Tillaten biomasse på lokalitetsnivå vert ikkje styrt gjennom plan- og bygningslova, men areal avsett til akvakultur er ein føresetnad. Slik sett gir arealet eit grunnlag som indirekte påverkar bestandsmåla for anadrom fisk.</p> <p>På bakgrunn av dette er det vurdert at eit nytt akvakultur-føremål potensielt kan ha store negative verknader for vill anadrom fisk og vassdragsnatur.</p>	
Kystvatn (gjeld berre akvakultur-innspelet)	<p>Kystvassførekomst: Bømlafjorden. Naturleg god økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand.</p> <p>Når det gjeld utslipp frå anlegg og påverknad på kystvassførekomsten konkluderer HI sin risikoreport for 2022 med at det samla for produksjonsområde 3 er låg risiko for miljøeffektar som følgje av økt næringsstofftilførsel frå fiskeoppdrett.</p>	<p>Potensiell påverknad av fiskeoppdrett på kystvatn er knytt til utslipp frå anlegget.</p> <p>Innspelet ligg i eit område med god økologisk tilstand, i eit relativt eksponert område. Verknad av utslipp frå eit fiskeoppdrettsanlegg på vassførekomsten er vurdert som låg.</p>	-1
Friluftsliv	<p>Statleg sikra friluftområde: Ingen</p> <p>Kartlagde friluftsområde: Ingen registreringar på aktuelt areal, men på land er det registrert friluftsområde Ulveråkerhammeren /Storåsen/Vasslivatnet.</p> <p>Areal på land er avsett til LNF-føremål med omsynssone friluftsliv. Det er etablerte turstiar i området.</p>	<p>Innspelet Skjelsanduttak:</p> <p>Innspelet er ikkje i direkte konflikt med registrerte friluftsområde. Innspelet vil medføre anna type aktivitet/ støy i sjø like ved registrert friluftsområde. Det er i frå før akvakulturanlegg i området, men innspelet for skjelsand går noko nærare land enn eks. anlegg.</p> <p>Opplevingsverdien vil verta noko redusert i periodane det vert teke ut skjelsand. Det vil også rekreasjon på sjø ved at fartøy som tar opp skjelsand vil vera til hinder for ferdsel og fiske.</p>	-1
		<p>Innspelet Akvakultur:</p> <p>Opplevingsverdien kan verta noko redusert i områda kring anlegget. Det vil også rekreasjon på sjø ved at anlegget vil vera til hinder for ferdsel og fiske. Det er lovfesta fiske- og ferdselsforbod kring akvakultur-anlegg på 100 og 20 meter. Eventuelle nye</p>	-2

		<p>fortøyings-linjer kan avgrense arealbruk for friluftsliv og rekreasjon. Fortøyingar vil ikkje vera til hinder for båtutfart utanfor ferdselssona.</p> <p>Det er ikkje etablert anlegg i området i dag, og eit nytt AK-område vil såleis potensielt medføre negative konsekvensar for friluftsliv.</p>	
Landskap	<p>Innspela er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette (NiN). Innspelet ligg innanfor landskaps-type Brede fjordløp og fjordmøter, og har landskapsverdi 3 (middels verdi) – vanlig førekomande i regional samanheng, og/eller over gjennomsnittet lokalt.</p> <p>Innspela ligg i/ved Breidvika, som forutan akvakulturanlegget, er eit elles urørt strandsoneareal. Innspela ligg langt i frå busetnad, og er skjerma for innsyn mot. nærverknad. Mot. fjernverknad så har busetnad på Moster innsyn til området, men avstanden er stor.</p> <p>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/</p>	<p>Innspel skjelsand: Det vil ikkje vera landskaps-messige konsekvensar av innspelet, då opptaket av skjelsand skjer ved hjelp av spesialtilpassa fartøy, og det vil ikkje verte etablert permanente tiltak i området.</p> <p>Innspel akvakultur: Innspelet ligg eksponert i fjorden. Eit oppdrettsanlegg i området vil endre karakteren til landskapet, og denne endringa vil kunne opplevast som negativ, då området er utan tiltak i dag.</p>	0
			-2
Kulturminne og kulturmiljø	<p>Det er ikkje registrert kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspela ligg innanfor kulturminnerik strandsone.</p>	<p>Innspela er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte kulturminne eller kulturmiljø. Det er etablert akvakulturanlegg i området i dag.</p>	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	<p>Landbruk: Ikkje aktuelt.</p> <p>Fiskeplassar – aktive/passive reiskap: Ingen registrerte.</p> <p>Låssettingsplass: Ikkje registrert innanfor areala, men ligg like nord for Innspel Akvakultur.</p> <p>Skjelsandkonsesjon: Ikkje registrert. NGU har registrert skjelsandførekomst i området. Denne typen førekomst er rekna som ein ikkje-fornybar ressurs i et menneskeleg tidsperspektiv.</p>	<p>Innspela er ikkje i konflikt med registrerte fiskeplassar.</p> <p>Innspel råstoffutvinning: Innspelet vil påverke registrert skjelsandførekomst negativt, då føremålet er å ta ut skjelsand. Uttaket inneber at ressursen sin framtidige verdi vert redusert.</p> <p>Innspel Akvakultur: Innspelet kan medføre vanskelegare tilkomst til låssettingsplassen nordaust for innspelet.</p>	1: -2 2: -1

Teknisk infrastruktur	<p>Innspela ligg i rød sektor frå Most-erhamn lykt.</p> <p>Hovudleia Langenuen går på nordsida av innspelet. Dette er ikkje i konflikt med leia, men overlappar med farleiarealet kring denne.</p> <p>Ingen registrering av ankrings-, rigg- eller opplagsområde ved innspela.</p>	<p>Innspel Skjelsanduttak: Innspelet ligg utanfor farleiareal. Drift/uttak av skjelsand vil vera i konflikt med dagens/nye fortøyingar til akvakulturanlegget.</p> <p>Innspel Akvakultur er ikkje i konflikt med Hovudleia. Innspelet er ikkje i konflikt med kvit sektor. Det er ingen registreringar av ankrings-, rigg- eller opplagsområde innanfor eller tett ved innspelet. Plassering av anlegg og fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.</p>	<p>1: -1 2: 0</p>
Nærmiljø	Det er ingen kringliggjande tiltak/busette og verknaden er ingen.		0
Næringsliv og sysselsetting	<p>Innspel Skjelsanduttak: Innspelet vil bidra til sysselsetjing og verdiskaping i kommunen. Naturressursen vil skape arbeidsplassar i samband med uttak, og truleg også i samband med foredling av ressursen. Det er avgrensa tilgang på skjelsand som ressurs og innspelet medverkar til verdiskaping.</p> <p>Innspel Akvakultur: Innspelet gir grunnlag for etablering av oppdrettsanlegg i området, og vil vera positivt for næringsliv og sysselsetting.</p>		<p>1: +1 2: +2</p>
Samfunnsnytte og berekraft	<p>Innspel Skjelsanduttak: Samfunnsnytta ved å ta opp skjelsand (verdiskaping, bruk av skjelsand til mellom anna kalking som miljøforbetrande tiltak, etablering av kunstige sandstrender) må vurderast opp mot miljøkostnaden (varig tap av ikkje-fornybar naturressurs).</p> <p>Akvakultur: Innspelet vil leggja til rette for etablering av akvakulturanlegg i området, noko som kan vera positivt for næringsliv og sysselsetting, og såleis samfunnsnyttig. Dette må vurderast opp mot dei negative miljøkonsekvensane som kan følgje av oppdrettsverksemd.</p> <p>Dei to innspela overlappar kvarandre, og ei slik samlokalisering av desse to næringane vil truleg føre til interessekonflikt mot. kvalitet av botnmassane i området, i tillegg til at uttaket av skjelsand vil kunne føre til spreining av finpartikulære massar som vil kunne vera uheldig for matfiskproduksjon. Uttak med grabb o.l. vil vera særskilt vanskeleg grunna eksisterande/justerte fortøyingar knytt til akvakulturanlegget.</p>		

ROS-analyse			
Naturfare			
	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
Skred	<p>Innspel Skjelsanduttak: Ingen registreringar (grøn farge Liv og helse).</p> <p>Innspel Akvakultur: Det er registrert eit avgrensa aktsemdområde for skred innanfor fortøyringsområdet i nord.</p>		
Ekstremvær Vind og bølger	<p>Innspel Skjelsanduttak: Innspelet ligg på vestsida av Sveiolandet, relativt skjerma i Breidvika. Det er vurdert at innspelet ikkje gir risiko for hendingar.</p> <p>Innspel Akvakultur: Innspelet ligg på vestsida av Sveiolandet, relativt lite skjerma av øyar og skjer. Endringa er avgrensa mot. godkjent anleggsplassering. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar.</p>		
Menneske- og verksemdbaserte farar			

Ulykke på sjø	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	<p>Innspel Skjelsanduttak: Innspelet ligg ved hovud- og bilei Langenuen, minsteavstand ca. 650 meter. Eksisterande akvakulturanlegg ligg mellom innspelearealet og hovudleia, og endringa er avgrensa mot godkjent anleggsplassering. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar, eller at innspelet aukar risiko for uhell med fritidsbåtar.</p> <p>Innspel Akvakultur: Innspelet går inn i hovud- og bilei Langenuen. Avstanden på sjøve akvakulturføremålet er auka med om lag 250 meter i frå godkjent anleggsplassering, men går klar farleiområdet. Areal for fortøyingar går inn i farleiarealet, om lag 400 meter. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar, eller at innspelet aukar risiko for uhell med fritidsbåtar.</p>		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	<p>Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspeleområda. MOM-B undersøking i frå 2022 knytt til eksisterande akvakulturanlegg viser miljøtilstand 1 (meget god).</p>		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	<p>Det er etablert akvakulturanlegg i området, og innspele vil medføre noko støy for omgjevnadane, sett hen til nærleik til registrert friluftsområde og hekkeplass for fugl. Det er lang avstand til busetnad.</p>		

Samla vurdering og tilråding:

	Naturmangfald	Vassdragsnatur	Kystvatn	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø	Næringsliv og sysselsetting
Skjelsanduttak	-2	x	x	-2	0	0	-2	-1	0	+1
Akvakultur	-2	-3	-1	0	-2	0	-1	0	0	+2
Innspel Skjelsanduttak	<p>Innspelet ligg i eit urørt strandsoneareal langt i frå busetnad. Skjelsand er rekna som ein ikkje-fornybar ressurs som er viktig for botnlevande organismar, og som har betydning som gyte- og oppvekstområde for fisk og skaldyr. Samfunnsnytta ved å ta opp skjelsand (verdiskaping, bruk av skjelsand til mellom anna kalking som miljøforbetrande tiltak, etablering av kunstige sandstrender) må vurderast opp mot miljøkostnaden (varig tap av ikkje-fornybar naturressurs). Kunnskapsgrunnlaget når det gjeld konsekvensar av skjelsanduttak er relativt avgrensa, både med omsyn til naturmangfald/botnlevande organismar og konsekvensar for gyteområde/gytefelt, og dermed indirekte for fiskeriene. Sjøbotnen i dei aktuelle områda er i tillegg i liten grad kartlagd. Innspelet vert på bakgrunn av dette tilrådd negativt.</p>									
Innspel Skjelsanduttak: Negativ tilråding										
Innspel Akvakultur	<p>Innspelet er ei eit nytt akvakultur-føremål, og konsekvensutgreiinga tek utgangspunkt i dagens situasjon, som er at det ikkje er anlegg på lokaliteten. Konsekvensane vert såleis relativt store for ein del tema. Konsekvensen for vassdragsnatur, inkludert vill anadrom laksefisk er vurdert til å vera -3, grunna potensialet for auka biomasse og dermed potensielt auka mengd lakselus i området.</p> <p>Eit nytt AK-område gir potensiale for høgare biomasse i fjordsystemet, ved at det vert gitt arealmessig opning for å søka konsesjon på lokaliteten gjennom sektorlovverket. På kommuneplannivået skal det vurderast kva område som er eigna for akvakultur for å unngå skader på naturmangfaldet. Sveio kommune ligg i produksjonsområde 3, som for tida er i raud sone, dvs.</p>									


	at produksjonskapasiteten i området må reduserast på grunn av vesentleg negativ påverknad på vill laksefisk. På bakgrunn av dette er innspelet ikkje tilrådd.
--	---

ROS-analyse: Ekstremver, vind og bølger, støy

Innspeil Akvakultur: Negativ tilråding

UTKAST

15.9988_3: Råstoffutvinning - skjelsanduttak

Gjeldande arealbruk Friluftsområde Fiske	Arealendring 
Planlagt arealbruk Råstoffutvinning	
Arealstorleik planlagt arealbruk	239 daa
Skildring av området	Området ligg i Bømlafjorden, ved Risøya, like utanfor Valevåg. Innspelet ligg eit stykke nord for akvakulturanlegget ved Kvernaneset. Kartvedlegg knytt til innspelet var av eldre dato og hadde uklår avgrensing. Ein har difor lagt til grunn NGU sitt kart som syner skjelsandførekomstar.
Aktuelle problemstillingar	Overordna vurdering knytt til uttak av ein ikkje-fornybar ressurs (skjelsand), som er viktig for gyte- og oppvekstområde for fisk og skaldyr, opp mot bruk som kalkingsmiddel i landbruket og av vassdrag, som kalktilskot i kraftfôr og hønsefôr, samt til etablering av kunstige sandstrender.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald	Naturtypar: Leirvågen, som ligg innanfor innspelet, er registrert med naturtypen strandeng og strandsump, med utforming Skjermede strandsumper, og verdi Lokalt viktig. Det er ikkje registrert naturtypen større skjelsandførekomstar i området, men ressursen skjelsand er registrert i området. Denne sanden består av knuste og delvis nedbrotne kalkskal frå skjel og andre marine organismar. Skjelsand er eit habitat som ofte er rikt på bløtbunnsfauna, og fungerer mellom anna som gyte- og oppvekstområde for fleire fiskeartar. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Kvernaneset, like sør for innspelet,	Potensiell påverknad for naturmangfald er knytt til støy/aktivitet og arealbeslag/nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Ved uttak av skjelsand vil skjelsandførekomsten påverkast negativt, inkludert assosiert fauna.	-2

	<p>er registrert som eit svært viktig viltområde</p> <p>Arter: Det er registrert ulike lav-arter innanfor/tett på innspelet. Dette må vera feilregistreringar, då punkta litt midt i sjøen.</p> <p>Gytefelt/-område/beite- og oppvekstområde: Ikkje registrert</p>		
Friluftsliv	<p>Statleg sikra friluftområde: Ingen</p> <p>Det er ingen registrerte friluftsområde innanfor innspelet, men det ligg fleire i tilgrensande landområde:</p> <p>Like aust for innspelet ligg Leirvåg, registrert som svært viktig.</p> <p>Området er skildra som friluftsområde med kulturminne (Koleragravplass) og badeplass, tilrettelagt av friluftsrådet, med eksisterande og planlagt tursti. Deler av dette er også registrert som eit statleg sikra friluftslivområde (Leirvågen), vist som friområde i gjeldande kommuneplan.</p> <p>Smaløya, søraust for innspelet, er registrert som friluftsområde med bademoglegheit, og har verdi registrert.</p> <p>Ulveråkerhammeren/Storåsen/Vas slivatent ligg like sør for innspelet. Dette er skildra som eit friluftsområde/landbruksområde med tilgang til sjø og ferskvatn, med verdi registrert. Området er omfatta av omsynssone friluftsliv i gjeldande kommuneplan.</p>	<p>Innspelet er ikkje i direkte konflikt med registrerte friluftsområde. Innspelet vil medføre anna type aktivitet/ støy i sjø like ved registrert friluftsområde.</p> <p>Opplevingsverdien vil verta noko redusert i periodane det vert teke ut skjelsand. Det vil også rekreasjon på sjø ved at fartøy som tar opp skjelsand vil vera til hinder for ferdsel og fiske.</p>	-1
Landskap	<p>Innspelet er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette (NiN). Innspelet ligg innanfor landskaps-type Brede fjordløp og fjordmøter, og har landskapsverdi 3 (middels verdi) – vanlig førekomande i regional samanheng, og/eller over gjennomsnittet lokalt.</p> <p>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/</p>	<p>Det vil ikkje vera landskapsmessige konsekvensar av innspelet, då opptaket av skjelsand skjer ved hjelp av spesialtilpassa fartøy, og det vil ikkje verte etablert permanente tiltak i området.</p>	0
Kulturminne og kulturmiljø	<p>Koleragravplassen i Leirvåg ligg i tilgrensande landområde. Området er verna etter PBL, og er registrert med omsynssone i kulturminneplanen til kommunen.</p>	<p>Innspelet vil ikkje medføre konsekvensar for nærliggande kulturmiljø, då det ikkje skal etablerast permanente tiltak i området. Aktiviteten knytt til sjølve opptaket av skjelsand ved</p>	0

	Det ligg eit automatisk freda kulturminne på Smaløya, like søraust for innspelet. Dette er ei gravrøys frå bronsealder – jernalder. Like sør for innspelet, ved Vasslivika ligg eit sjøbruksmiljø som er omfatta av omsynssone kulturmiljø i kulturminneplanen.	hjelp av spesialtilpassa fartøy er ikkje vurdert til å påverka opplevinga av kulturmiljøet	
Naturressursar	Fiskefeltet Valevåg – Otterøy (passive reiskap - registrert som mykje brukt) ligg 2-300 meter nord for innspelet. Innspelet overlappar med låssettingsplassen Vasslivik. Denne er skildra som mykje brukt til kasting/låssetting. Brukast også til fiske med snurrevad. Leirvågen, like aust for innspelet er registrert som låssettingsplass, men denne er skildra som lite i bruk. Registrert skjelsandførekomst i området.	Innspelet er i konflikt med ein låssettingsplass registrert som mykje brukt. Det vil truleg vera utfordrande å nytta låssettingsplassen dersom det vert teke opp skjelsand i same område. Innspelet vil påverke registrert skjelsandførekomst negativt, då føremålet er å ta ut skjelsand, som er rekna som ein ikkje-fornybar ressurs.	-2
Teknisk infrastruktur	Innspelet er ikkje i konflikt med farlei eller kvit sektor. Det er ikkje registrert ankringsområde, opplagsområde eller riggområde som er i konflikt med innspelet.		0
Nærmiljø	Tilgrensande landområde er i hovudsak vist som LNF-føremål i gjeldande kommuneplan, og det er lite busetnad tett på innspelet. Det skal heller ikkje etablerast permanente tiltak i området som følgje av innspelet.		0
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet vil bidra til sysselsetjing og verdiskaping. Naturressursen vil skape arbeidsplassar i samband med uttak, og truleg også i samband med foredling av ressursen. Det er avgrensa tilgang på skjelsand som ressurs og innspelet medverkar til verdiskaping...		+1
Samfunnsnytte og berekraft	Samfunnsnytta ved å ta opp skjelsand (verdiskaping, bruk av skjelsand til mellom anna kalking som miljøforbetrande tiltak, etablering av kunstige sandstrender) må vurderast opp mot miljøkostnaden (varig tap av ikkje-fornybar naturressurs).		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Ekstremvær Vind og bølger	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg i Bømlafjorden, relativt eksponert. Opptak av skjelsand kan truleg tilpassast årstid og ver-/vindtilhøve.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Ullukke på sjø	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg i god avstand frå farlei, og er ikkje i konflikt med kvit sektor.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er god avstand mellom innspelet og eksisterande busetnad og regulerte utbyggingsområde.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø	Næringsliv og sysselsetting
-2	-1	0	0	-2	0	0	+1

Skjelsand er rekna som ein ikkje-fornybar ressurs som er viktig for botnlevande organismar, og som har betydning som gyte- og oppvekstområde for fisk og skaldyr.


Samfunnsnytta ved å ta opp skjelsand (verdiskaping, bruk av skjelsand til mellom anna kalking som miljøforbetrande tiltak, etablering av kunstige sandstrender) må vurderast opp mot miljøkostnaden (varig tap av ikkje-fornybar naturressurs).

Kunnskapsgrunnlaget når det gjeld konsekvensar av skjelsanduttak er relativt avgrensa, både med omsyn til naturmangfald/botnlevande organismar og konsekvensar for gyteområde/gytefelt, og dermed indirekte for fiskeriane. Sjøbotnen i dei aktuelle områda er i tillegg i liten grad kartlagd.

Innspelet vert på bakgrunn av dette tilrådd negativt.

Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding

15.9988_4 Råstoffutvinning – skjelsanduttak

Gjeldande arealbruk Friluftsområde	Arealendring 
Planlagt arealbruk Råstoffutvinning – skjelsanduttak	
Arealstorleik planlagt arealbruk	170 daa
Skildring av området	Innspelet ligg i Bømlafjorden, nærare bestemt i Tjernagelvågen, like utanfor Nordre Tjernagel, like sør for Auklandshamn.
Aktuelle problemstillingar	Overordna vurdering knytt til uttak av ein ikkje-fornybar ressurs (skjelsand), som er viktig for gyte- og oppvekstområde for fisk og skaldyr, opp mot bruk som kalkingsmiddel i landbruket og av vassdrag, som kalktilskot i kraftfôr og hønsefôr, samt til etablering av kunstige sandstrender.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens
Naturmangfald	<p>Naturtypar: Nappholmane, nord for innspelet, er registrert med naturtypen Større tareskog-førekomstar, med verdi Viktig. Avstanden til området er om lag 800 meter. Nappholmane er omfatta av omsynssone grønstruktur i gjeldande kommuneplan. Det er ikkje registrert naturtypen større skjelsandførekomstar i området, men ressursen skjelsand er registrert i området. Denne sanden består av knuste og delvis nedbrotne kalkskal frå skjel og andre marine organismar. Skjelsand er eit habitat som ofte er rikt på bløtbunnsfauna, og fungerer mellom anna som gyte- og oppvekstområde for fleire fiskeartar.</p> <p>Naturvern: Ikkje registrert</p>	<p>Potensiell påverknad for naturmangfald er knytt til støy/aktivitet og arealbeslag/nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.</p> <p>Ved uttak av skjelsand vil skjelsandførekomsten påverkast negativt, inkludert assosiert fauna.</p>

	<p>Vilt/funksjonsområde: Nappholmane er registrert som eit hekkeområde for fiskemåke (VU) og gråmåke (VU). Magerholmen, om lag 500 meter vest for innspelet, er registrert som hekkeområde for gråmåke (VU) og fiskemåke (VU). Arter: På Nappholmane er det registrert tjeld (NT), storskarv (NT), ærfugl (VU), gråmåke (VU) og fiskemåke (VU).</p>		
Friluftsliv	<p>Statleg sikra friluftsområde: Ingen Det ligg ingen registrerte friluftslivområde innanfor innspelet, og det er heller ingen slike område i strandsona som grensar til området. Det ligg nokre registrerte friluftslivområde på land; mellom anna tursti til Slettafjellet.</p>	<p>Innspelet er ikkje i direkte konflikt med registrerte friluftsområde.</p> <p>Opplevingsverdien vil verta noko redusert i periodane det vert teke ut skjelsand. Det vil også rekreasjon på sjø ved at fartøy som tar opp skjelsand vil vera til hinder for ferdsel og fiske.</p>	-1
Landskap	<p>Innspelet ligg innanfor landskapsområdet Bømlafjorden, som er ein del av landskapstypen brede fjordløp og fjordmøter. Området er skildra som åpent fjordløp med begrenset kontakt mellom fjordsidene, om området er registrert med middels verdi.</p> <p>Området kring innspelet består av skjergard med øyer og holmar, og det er relativt flatt terreng i tilgrensande landområde.</p> <p>Tilgrensande landområde er i hovudsak vist som LNF-område i gjeldande kommuneplan, og har spreidd busetnad. Tilgrensande område i aust er vist som bustad. Dette området er omfatta av reguleringsplan for hytter (Hyttfelt Tjernagel).</p> <p>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/</p>	<p>Det vil ikkje vera landskapsmessige konsekvensar av innspelet, då opptaket av skjelsand skjer ved hjelp av spesialtilpassa fartøy, og det vil ikkje verte etablert permanente tiltak i området.</p>	0
Kulturminne og kulturmiljø	<p>Innspelet overlappar så vidt med omsynssone kulturmiljø (gardsmiljø) i kulturminneplanen, og tilgrensande landområde er omfatta av omsynssone bevaring kulturmiljø. Det ligg fleire kulturminne innanfor denne</p>	<p>Innspelet vil ikkje medføre konsekvensar for nærliggande kulturmiljø, då det ikkje skal etablerast tiltak i området. Aktiviteten knytt til sjølve opptaket av skjelsand ved hjelp av båt er ikkje vurdert til å</p>	-1

	omsynssona, i området kring Tjernagelneset: Det er registrert eit automatisk freda skipsvrak frå 1800-talet, like sør for innspelet. Dette kulturminnet er registrert på land, om lag 30 meter frå innspelsgrensa. Det ligg elles fleire automatisk freda gravrøyser frå bronsealder – jernalder i området.	påverka opplevinga av kulturmiljøet. Nøyaktig plassering av skipsvraket i området bør sjekkast ut før det eventuelt vert gitt løyve til uttak av skjelsand i området.	
Naturressursar	Innspelet overlappar med registrert fiskeplass for passive reiskap Nappholmen – Auklandshamn (garnfiske etter sei og breiflabb). Området er skildra som noko brukt.	Skjelsanduttak i området kan vera negativt for dei registrerte fiskeriinteressene i området. Skjelsanduttak er ikkje ein aktivitet som medfører permanente tiltak i området, og konsekvensen for fiskeriinteressene er såleis ikkje vurdert til å vera vesentlege.	-1
Teknisk infrastruktur	Innspelet ligg ikkje i nærleiken av farlei eller farleisareal, og er heller ikkje i konflikt med kvit sektor.		0
Nærmiljø	Det er spreidd busetnad og nokre hytter i tilgrensande landområde til innspelet. Uttaket av skjelsand vert gjennomført ved hjelp av spesialfartøy, og er uttaket er avgrensa i tid. På bakgrunn av dette er eventuelle negative konsekvensar av uttaket for naboar vurdert til å vera små.		0
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet vil bidra til sysselsetting og verdiskaping. Naturressursen vil skape arbeidsplassar i samband med uttak, og truleg også i samband med foredling av ressursen. Det er avgrensa tilgang på skjelsand som ressurs og innspelet medverkar til verdiskaping...		+1
Samfunnsnytte og berekraft	Samfunnsnytta ved å ta opp skjelsand (verdiskaping, bruk av skjelsand til mellom anna kalking som miljøforbetrande tiltak, etablering av kunstige sandstrender) må vurderast opp mot miljøkostnaden (varig tap av ikkje-fornybar naturressurs).		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Ekstremvær Vind og bølger	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg i Bømlafjorden, relativt eksponert. Opptak av skjelsand kan truleg tilpassast årstid og ver-/vindtilhøve.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Ulukke på sjø	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg i god avstand frå farlei, og er ikkje i konflikt med kvit sektor.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er spreidd busetnad og eit hyttefelt i tilgrensande området til innspelet. Det er potensiale for støy frå fartøya som vert brukt til skjelsandopptak		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø	Næringsliv og sysselsetting
-2	-1	0	-1	-1	0	0	+1

Skjelsand er rekna som ein ikkje-fornybar ressurs som er viktig for botnlevande organismar, og som har betydning som gyte- og oppvekstområde for fisk og skaldyr.



Samfunnsnytta ved å ta opp skjelsand (verdiskaping, bruk av skjelsand til mellom anna kalking som miljøforbetrande tiltak, etablering av kunstige sandstrender) må vurderast opp mot miljøkostnaden (varig tap av ikkje-fornybar naturressurs).

Kunnskapsgrunnlaget når det gjeld konsekvensar av skjelsanduttak er relativt avgrensa, både med omsyn til naturmangfald/botnlevande organismar og konsekvensar for gyteområde/gytefelt, og dermed indirekte for fiskeriene. Sjøbotnen i dei aktuelle områda er i tillegg i liten grad kartlagd.

Innspelet vert på bakgrunn av dette tilrådd negativt.

Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding

16.13986_1 og 2 Akvakultur, 16.13986_2b Kombinert formål i sjø

<p>Gjeldande arealbruk Friluftsområde Akvakultur</p> <p>Innspel 2 er i hovudsak i tråd med arealsone akvakultur i regional kystzoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Innspel 1 ligg innanfor arealsone Sjø og vassdrag generelt (utvida område med Akvakultur).</p>	<p>Arealendring</p> 
<p>Planlagt arealbruk 1: Akvakultur 2: Akvakultur 2b: Fortøyingszone</p> <p>Lerøy ønskjer å kunna driva med IMTA (integrert multitrofisk akvakultur) ved lokaliteten Grimsholmen i framtida, og ønskjer difor eit areal her for slik produksjon. Dei ønskjer også areal til å vidareutvikla lokaliteten Grimsholmen for framtidig produksjon av laks og aure.</p> <p>I konsekvensutgreiinga er det teke utgangspunkt i tare på innspel 1 og laksefisk/alle artar på innspel 2.</p>	<p>1: 598 daa (akvakultur generelt) 2: 553 daa (akvakultur – tare) Fortøyingsområde: 1741 daa</p>
<p>Skildring av området</p>	<p>Innspela ligg i Bømlafjorden, nord for Auklandshamn, vest for Straumøy, i områda kring Grimsholmen og Midvikøya. Det ligg eit eksisterande anlegg innanfor innspel 2. Dette er lokaliteten Grimsholmen, som har løyve til produksjon av laksefisk, med ein MTB på 3120 tonn MTB (godkjent areal vist med grøn farge i kart til høgre). Gjeldande og godkjent plassering av anlegget er ikkje i tråd med akvakulturområdet i kommuneplanen, som ligg tettare på Grimsholmen. Innspel 1 er ei utviding av gjeldande akvakulturføremål i kommuneplan. Det er ikkje etablert anlegg i dette området.</p> 
<p>Aktuelle problemstillingar</p>	<p>Utviding av eksisterande akvakulturområde gir høve til etablering av nytt anlegg og ny produksjon (MTB), samt framtidig justeringar av anlegg. Akvakulturføremålet vil omfatte både anlegg og fortøyingar. I tillegg vil fortøyingar kunne lokaliserast utanfor akvakulturføremålet. Konsekvensutgreiinga omfattar også vurderingar av fortøyingar utanfor akvakulturføremålet.</p>

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald	<p>Naturtypar: Straumøynappen, som grensar til fortøyingssona kring innspel 2 er registrert som naturtypen Kystfuruskog. Lokaliteten har verdi lokalt viktig.</p> <p>Naturvern: Ikkje registrert</p> <p>Vilt/funksjonsområde: Hjartholmen, vest for innspel 2, er registrert som funksjons-/hekkeområde for ærfugl (VU), gråmåke (VU), fiskemåke (VU) og svartbak. Hjartholmen ligg om lag 900 meter frå innspelsgrensa til innspel 2, og om lag 250 meter frå fortøyingssona. Midvikøya er registrert som funksjonsområde for tyvjo (reproduksjon). Området ligg få meter frå innspelsgrensa til innspel 1 (og gjeldande AK-område). Eikelandsneset, sør for innspel 2, er registrert som eit viktig viltområde.</p> <p>Artar: Skjelet <i>Yoldiella propinqua</i> er registrert innanfor fortøyingssona. Dette er truleg funne som ein del av miljøundersøkingane for det eksisterande anlegget.</p> <p>Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Inne i Førdespollen ligg det registrerte gyteområde og gytefelt for torsk. Gyteområda/ -felta ligg på det næraste om lag 1,5 km frå fortøyingssona.</p>	<p>Potensiell påverknad for naturmangfald er knytt til arealbeslag, i tillegg til forstyrningar i driftsfasen, som t.d. støy/aktivitet.</p> <p>Innspela ligg tett på funksjonsområde/hekkeområde for sjøfugl. Fuglane kan verta negativt påverka av støy og aktivitet frå anlegga i området.</p> <p>Avstanden til gytefelt/-område er såpass stor at det er vurdert at innspelet ikkje kjem i konflikt med desse.</p> <p>Innspel 1 omhandlar tareoppdrett. Området er ikkje i direkte konflikt med registreringar, og det er ikkje vurdert at innspelet vil medføre vesentlege negative konsekvensar for naturmangfald. Innanfor innspel 2 er det allereie etablert eit oppdrettsanlegg, og området er såleis påverka av oppdrettsverksemd i dag.</p>	-1
Vassdragsnatur	<p>Det næraste anadrome vassdraget er Åreiddalselva i Bømlo kommune. Avstanden til dette er om lag 13 km i luftlinje. Næraste nasjonale laksefjord er Etnefjorden – Ølsfjorden, som ligg om lag 15 km frå innspela i luftlinje.</p> <p>Sveio kommune ligg i produksjonsområde 3 (Karmøy til Sotra). På grunn av mykje oppdrettsfisk i området er utsleppet av lakselus høgt, og samla sett er risikoen for dødelegheit på utvandrande laks vurdert som høgt i dette området (HI – risikorapport 2022). På</p>	<p>Potensiell påverknad av fiskeoppdrett for vassdragsnatur er i hovudsak knytt til påverknad på villfisk (genetisk innblanding ved eventuell rømming, lakselus og annan smitte).</p> <p>Større AK-område gir potensiale for auka biomasse på lokaliteten, og dermed forventa auke i mengd lakselus i fjordsystemet. Dette kan igjen medføre auke i dødelegheit av utvandrande laksesmolt og beitande sjøaure. Tillaten biomasse på lokalitetsnivå vert ikkje styrt gjennom</p>	1: 0 2: -2

	<p>bakgrunn av dette ligg området per i dag i raud sone (produksjonen må reduserast).</p>	<p>plan- og bygningslova, men areal avsett til akvakultur er ein føresetnad. Slik sett gir auke i AK-arealet eit grunnlag som indirekte påverkar bestandsmåla for anadrom fisk. På bakgrunn av dette vil utviding av akvakultur-føremålet potensielt ha negative verknader for vill anadrom fisk og vassdragsnatur. Tareoppdrett vil ikkje ha kjende negative konsekvensar for vassdragsnatur.</p>	
Kystvatn	<p>Kystvassførekomst: Bømlafjorden. God økologisk tilstand og god kjemisk tilstand.</p> <p>Når det gjeld utslepp frå anlegg og påverknad på kystvassførekomsten konkluderer HI sin risikorapport for 2022 med at det samla for produksjonsområde 3 er låg risiko for miljøeffektar som følgje av auka næringsssalttilførsel frå fiskeoppdrett.</p>	<p>Potensiell påverknad av fiskeoppdrett på kystvatn er knytt til utslepp frå anlegget.</p> <p>Innspele ligg i eit område med god økologisk tilstand, i eit relativt eksponert område. Verknad av utslepp frå eit fiskeoppdrettsanlegg vil ha verknader lokalt, men verknaden på vassførekomsten er vurdert som låg. Det er ingen kjend påverknad på vassførekomsten av tareoppdrett.</p>	<p>1: 0 2: -1</p>
Friluftsliv	<p>Statleg sikra friluftområde: Ingen Innspel 2b grensar til det registrerte friluftslivområdet Strømøyen. Dette er skildra som naturområde med tursti og tilgang til sjø.</p> <p>Midvikøya, like nord for innspel 1 er eit registrert friluftslivområde, skildra som øy i Bømlafjorden, ope landskap, brukt til beiting.</p> <p>Avgrensinga av området overlappar så vidt med innspel 1.</p>	<p>Innspele er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte friluftslivområde.</p> <p>Opplevingsverdien kan verta noko redusert i områda kring anlegget. Det vil også rekreasjon på sjø ved at anlegget vil vera til hinder for ferdsel og fiske. Det er lovfesta fiske- og ferdselsforbod kring akvakultur-anlegg på 100 og 20 meter. Eventuelle nye fortøyingslinjer kan avgrense arealbruk for friluftsliv og rekreasjon.</p> <p>Fortøyningar vil ikkje vera til hinder for båtutfart utanfor ferdselssona. Utvida areal kring innspel 2 vil ha avgrensa verknad då det er anlegg her i dag.</p>	<p>1: -2 2: -1</p>
Landskap	<p>Innspelet ligg innanfor Bømlafjorden, med landskapstypen brede fjordløp og fjordmøter, med middels verdi. Området er skildra som ope fjordløp med avgrensa kontakt mellom fjordsidene. Tettstadkonsentrasjonar på Moster og i Sveio. Store delar av strandsona er likevel ikkje tilknytt veg.</p>	<p>Innspele gir grunnlag for å etablere nytt og/eller større anlegg. Flytande anlegg som er synleg på sjø-overflata. Areal er dels utviding av eksisterande føremål.</p> <p>Eventuelt nytt anlegg og utviding av eksisterande anlegg kan ha</p>	<p>1: -2 2: -1</p>

	<p>Landområda innanfor innspela er i hovudsak vist som LNF-område i gjeldande kommuneplan, dels med omsynssone friluftsliv.</p> <p>Det er generelt lite busetnad i områda som har direkte utsikt mot innspela med omsyn til nærverknad. Når det gjeld fjernverknad vil anlegget vera synleg frå busetnad på Moster, men avstanden er stor.</p> <p>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/</p>	<p>negativ verknad når det gjeld landskapsopplevinga.</p> <p>Det er ikkje eksisterande anlegg på arealet kring innspel 1, mens det er eit anlegg tilknytt innspel 2. Dei landskapsmessige konsekvensane vil såleis vera meir negative for innspel 1.</p>	
Kulturminne og kulturmiljø	<p>Det ligg eit automatisk freda kulturminne (gravrøys bronsealder – jernalder) ytst på Eikelandsneset, som grensar til fortøyingssona til innspel 2.</p> <p>Det ligg fleire kulturminne og omsynssoner kulturmiljø i Grønevik og Liervågen, innanfor innspel 1.</p>	<p>Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte kulturminne</p>	0
Naturressursar	<p>Sør for innspel 2 ligg eit registrert fiskefelt for passive reiskap (garnfiske etter sei og breiflabb). Feltet startar om lag 100 meter sør for innspelsgrensa for innspel 2b (fortøyingssona).</p> <p>Nord for innspela ligg fiskefeltet Bømlafjorden, som er eit rekefelt brukt av fiskarar frå Bømlø og Kvinnherad. Avstanden mellom innspel 2b og rekefeltet er om lag 1,3 km.</p> <p>Det ligg fleire låssettingsplassar relativt tett på innspela. Lammavågen ligg like sør for innspel 2. Låssettingsplassen er skildra som noko brukt til kasting og låssetting.</p> <p>Eidsvågen, søraust for innspel 2, er skildra som noko brukt til kasting og låssetting.</p> <p>Straumøyvågen, like sør for innspel 1, er skildra som mykje brukt til kasting/låssetting. Området er viktig i samband med lysfiske i sjøområdet utanfor, og er ideelt ang. Ly for strøm og vind/ver.</p> <p>Liervågen, søraust for innspel 1, er skildra som noko brukt.</p>	<p>Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte fiskefelt.</p> <p>Etablering av anlegg innanfor innspel 1, og utviding av anlegg innanfor innspel 2 vil kunne medføre at tilkomsten til låssettingsplassane vert vanskeleggjort.</p>	-1

Teknisk infrastruktur	Hovudleia Langenuen går på nordsida av innspela, og dei er ikkje i konflikt med verken leia eller farleiarealet kring denne. Innspel 2 overlappar med kvit sektor frå Mosterhamn lykt og Førdespollen lykt. Det er ingen registreringar av ankrings-, rigg- eller opplagsområde innanfor eller tett ved innspelet. Innspel 2 dekkjer store deler av innløpet til Førdespollen. Dette er uheldig med omsyn til sjøtrafikk i området. Det er etablert anlegg innanfor innspel 2, og innspelet gir grunnlag for justeringar eller større anlegg. Plassering av anlegg og fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	1: 0 2: -2
Nærmiljø	Dei næraste areala på landsida er LNF-føremål og det er lite busetnad her. Innspela har såleis ikkje vesentlege negative verknader for nærmiljø	-1
Næringsliv og sysselsetting	Innspel 2 gir grunnlag for at dagens lokalisering av anlegget er i tråd med kommuneplanen, samt fleksibilitet med omsyn til endringar på anlegget, og moglegheit for framtidig teknologisk utvikling. Arealet gir avklarte rammer for framtidig utvikling på lokaliteten, og varige løysingar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Innspelet medverkar til føreseielege og trygge arbeidsplassar for dei tilsette i selskapet Innspel 1 vil kunne gi grunnlag for etablering av tareoppdrett i området, noko som også vil vera positivt for næringsliv og sysselsetting. Eventuelle endringar utover dagens situasjon skal handsamast av konsesjonsmynde der ev. vilkår for drift/arealbruk vert sett.	1: +2 2: +1
Samfunnsnytte og berekraft	Innspela vil leggja til rette for akvakulturnæringa i området, noko som kan vera positivt for næringsliv og sysselsetting, og såleis samfunnsnyttig. Dette må vurderast opp mot dei negative miljøkonsekvensane som kan følgje av oppdrettsverksemd.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg utanfor aktsemdområde for ras og skred (snø/steinsprang). Kjelde NVE.		
Ekstremvær Vind og bølger	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg i Bømlafjorden, dels eksponert. Kvart anlegg skal godkjennast med anleggssertifikat som dokumenterer at anleggskonfigurasjonen skal tole dei lokale naturkreftene. I tillegg er det krav om risikobasert tilsyn, varsling av uvær og krav til alarm. Generelt er sannsyn for skadar på grunn av ekstremvær er vurdert til å vera låg med bakgrunn i gjeldande lovverk, medan konsekvensen er høg.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Ulukke på sjø	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg i god avstand frå hovudleia Langenuen. Utvidinga i innspel 2 inneber at passasjen inn til Førdespollen vert vesentleg redusert samanlikna med dagens situasjon. Dette kan vera uheldig, og gi auka risiko for hendingar.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er god avstand mellom innspela og eksisterande busetnad og regulerte utbyggingsområde.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Vassdragsnatur	Kystvatn	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø	Næringsliv og sysseisetting
-1	1: 0	1: 0	1: -2	1: -2	0	-1	1: 0	-1	1: +2
	2: -2	2: -1	2: -1	2: -1			2: -2		2: +1

Innspel 1:

Det er negative konsekvensar av innspelet for naturmangfald, friluftsliv, landskap og naturressursar. Bakgrunnen for dette er at det ikkje er anlegg i området i dag, og etablering av nytt anlegg/tiltak i området vil såleis medføre ei relativt stor endring. Det er likevel ikkje vurdert at dei negative konsekvensane totalt sett er vesentlege, og det er positivt å leggje til rette for oppdrett av andre artar enn fisk, både med omsyn til påverknad på vill laksefisk og utslepp. Innspelet vert såleis positivt tilrådd.

Innspel 2:



Positive konsekvensar er knytt til at innspelet gir samsvar mellom KPA og godkjent anleggsplassering, samt at det gir framtidig fleksibilitet med omsyn til endringar på anlegget. Ei utviding av akvakulturføremålet gir ei arealmessig opning for større anlegg og høgare biomasse på lokaliteten, sjølv om dette må søkast om gjennom sektorlovverket. Utvidinga av føremålet er relativt stort sett i forhold til gjeldande kommuneplan. På kommuneplannivået skal det vurderast kva område som er eigna for akvakultur for å unngå skader på naturmangfaldet. Sveio kommune ligg i produksjonsområde 3, som for tida er i raud sone, dvs. at produksjonskapasiteten i området må reduserast på grunn av vesentleg negativ påverknad på vill laksefisk. Innspelet på utviding av AK-området er likevel positivt tilrådd, på bakgrunn av at det vil gi høve til justeringar i anlegget, og fleire merdar på lokaliteten. Dette gir igjen høve til å ha færre fisk per merd, og moglegheit for ledige merdar som kan nyttast i drifta av anlegget. Betre plass på lokaliteten kan også gi betre vassutskifting, og kan vera positivt med omsyn til fiskevelferd, smittespreiing og resipienttilstand. Innspelet dekkjer store deler av innløpet til Førdespollen. Dette er uheldig med omsyn til sjøtrafikk i området. Innspelet må såleis reduserast i omfang, og trekkast mot sørvest, tettare på dagens godkjente anleggsplassering, slik at det er god passasje på nordsida av anlegget.

ROS-analyse: Ekstremver, vind og bølger, ulukke på sjø.

Fagleg tilråding innspel 1: Positiv tilråding, tareoppdrett

Fagleg tilråding innspel 2: Justert, til sørvestlege del av innspelet

19.1059_1 Akvakultur, 19.1059_1b Kombinert formål i sjø

<p>Gjeldande arealbruk 1: Friluftsområde Akvakultur 1b: Friluftsområde, fiske. FFNFA Deler av innspelet ligg i Vindafjord kommune som kombinerte formål i sjø og vassdrag.</p> <p>Innspelet er i hovudsak i tråd med arealsone akvakultur i regional kystzoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.</p>	<p>Arealendring</p> 
<p>Planlagt arealbruk 1: Akvakultur 1b: Fortøyingsområde</p>	<p>1: 331 daa Fortøyingssona: 2024 daa</p>
<p>Skildring av området</p>	<p>Innspelet ligg i Ålfjorden, på austsida av Sveio kommune, i tilknytning til lokaliteten Raunevågen. Lokaliteten er godkjent for 3120 tonn MTB av laks og regnbøgeaure (godkjent areal vist med grøn farge i kart til høgre). Sjøtroll havbruk er registrert innehavar. Dagens godkjente plassering av anlegget er ikkje i tråd med AK-føremålet i gjeldande kommuneplan.</p> 
<p>Aktuelle problemstillingar</p>	<p>Utviding av eksisterande akvakulturområde gir moglegheit for justeringar av anlegg. Akvakulturføremålet vil omfatte både anlegg og fortøyingar. I tillegg vil fortøyingar kunne lokalisast utanfor akvakulturføremålet.</p>

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
<p>Naturmangfald</p>	<p>Naturtypar: På austsida av Ålfjorden, aust for innspela, er det registrert naturtypane Større tareskogforekomstar med verdi viktig, og skjelsand, med verdi viktig. Avstanden frå naturtypane til fortøyingssona er om lag 350 meter, mens avstanden frå naturtypane til AK-området er om lag 1 km på det kortaste. Det er</p>	<p>Det er etablert oppdrettsanlegg innanfor innspelet, og området er såleis påverka av oppdrettsverksemd i dag.</p> <p>Potensiell påverknad for naturmangfald er knytt til arealbeslag, i tillegg til forstyrningar i driftsfasen, som t.d. støy/aktivitet.</p>	<p>-1</p>

	<p>fleire registrerte lokalitetar av naturtypen regnskog tett på innspelet på land.</p> <p>Naturvern: Ikkje registrert</p> <p>Vilt/funksjonsområde: Like sør for forøyingssona går det ein trekkveg for hjort over fjorden.</p> <p>Arter: Det er registrert havørn i nærleiken av innspelet.</p> <p>Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Det er registrert gytefelt for torsk lenger inne i fjorden. Avstanden til dette frå anlegget er om lag 7 km i luftlinje.</p>	<p>Det er kjent at tareplanter (tareskog) kan verte påverka på fleire ulike måtar av utsepp frå oppdrett. Det er vurdert at avstanden til naturtypen er relativt stor, og at verknadane av utvidinga såleis vil vera avgrensa.</p> <p>Avstanden til gytefelt/-område er såpass stor at det er vurdert at innspelet ikkje kjem i konflikt med desse.</p>	
Vassdragsnatur	<p>Anadrome vassdrag: Næraste lakseførande strekning er Svendsbølva, som ligg om lag 12 km frå anlegget i luftlinje. Næraste nasjonale laksefjord er Etnefjorden – Ølsfjorden, som ligg på det næraste om lag 8 km frå anlegget i luftlinje.</p> <p>Sveio kommune ligg i produksjonsområde 3 (Karmøy til Sotra). På grunn av mykje oppdrettsfisk i området er utseppet av lakselus høgt, og samla sett er risikoen for dødelegheit på utvandrande laks vurdert som høg i dette området (HI – risikorapport 2022). På bakgrunn av dette ligg området per i dag i raud sone (produksjonen må reduserast).</p>	<p>Potensiell påverknad av fiskeoppdrett for vassdragsnatur er i hovudsak knytt til påverknad på villfisk (genetisk innblanding ved eventuell rømming, lakselus og annan smitte).</p> <p>Utviding av AK-området vil kunne medføre auka biomasse, og dermed forventa auke i mengd lakselus i fjordsystemet. Dette kan igjen medføre auke i dødelegheit av utvandrande laksesmolt og beitande sjøaure. Tillaen biomasse på lokalitetsnivå vert ikkje styrt gjennom plan- og bygningslova, men areal avsett til akvakultur er ein føresetnad. Slik sett gir arealet eit grunnlag som indirekte påverkar bestandsmåla for anadrom fisk. På bakgrunn av dette vil utviding av akvakulturføremålet potensielt ha store negative verknader for vill anadrom fisk og vassdragsnatur</p>	-2
Kystvatn	<p>Kystvassførekomst: Innspelet ligg innanfor kystvassførekomsten Ålfjorden, som er registrert med god økologisk tilstand og god kjemisk tilstand.</p> <p>Når det gjeld utsepp frå anlegg og påverknad på kystvassførekomsten konkluderer HI sin risikorapport for 2022 med at det samla for produksjonsområde 3 er låg risiko for miljøeffektar som følgje av økt</p>	<p>Potensiell påverknad av fiskeoppdrett på kystvatn er knytt til utsepp frå anlegget.</p> <p>Innspelet ligg i eit område med god økologisk tilstand, men i eit relativt lite eksponert område. Det er allereie anlegg i området i dag. Verknad av utsepp frå eit fiskeoppdrettsanlegg vil ha verknader lokalt, men verknaden på vassførekomsten er vurdert som låg.</p>	-1

	næringsalltilførsel frå fiskeoppdrett.		
Friluftsliv	<p>Statleg sikra friluftområde: Ingen Innspelet grensar til det viktige friluftslivområdet Bjørgjo – Staupe, som er skildra som ein tursti i strandsona gjennom gamalt kulturlandskap. Bak dette området ligg Trollavassnipen/Målefjellet, som er eit svært viktig friluftsliv-område, skildra som Tursti til Trollavassnipen. Dette området er også omfatta av omsynssone friluftsliv i gjeldande kommuneplan. Like sør for dette ligg det svært viktige friluftslivområdet Hopsfjellet, skildra som tursti til Hopsfjellet.</p>	<p>Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte friluftsliv-område.</p> <p>Opplevingsverdien kan verta noko redusert i områda kring anlegget. Det vil også rekreasjon på sjø ved at anlegget vil vera til hinder for ferdsel og fiske. Det er lovfesta fiske- og ferdselsforbod kring akvakultur-anlegg på 100 og 20 meter. Eventuelle nye fortøyings-linjer kan avgrense arealbruk for friluftsliv og rekreasjon.</p> <p>Fortøyningar vil ikkje vera til hinder for båtutfart utanfor ferdselssona.</p> <p>Det er etablert anlegg i området i dag, og ei endring av AK-området vil såleis ikkje medføre store endringar i konsekvens.</p>	-1
Landskap	<p>Innspelet ligg innanfor landskapsområde Ålfjorden, med landskapstypen middels brede fjordløp. Området er registrert med middels verdi, og skildra som langsmal fjord med lavt relieff på sidelandskapet i indre deler. Jordbruksgrunder med beite og slåttemark i veksling med lauvskoglier og opne knauser utan vegtilkomst.</p> <p>Like sør for innspelet ligg eit område avsett til omsynssone landskap (kulturlandskap/gardsmiljø). Tilgrensande landområde er vist som LNF-område i gjeldande kommuneplan, med omsynssone friluftsliv.</p> <p>Det er generelt lite busetnad i områda som har direkte utsikt mot innspelet (nærverknad). Det er heller ikkje mykje busetnad i tilgrensande landområde på austsida av fjorden (Vindafjord kommune), og fjernverknaden er såleis avgrensa.</p> <p>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/</p>	<p>Innspelet gir grunnlag for å etablere nytt og/eller større anlegg. Flytande anlegg som er synleg på sjø-overflata. Arealet er ei utviding av eksisterande føremål.</p> <p>Eventuelt nytt anlegg og/eller utviding av eksisterande anlegg kan ha negativ verknad når det gjeld landskapsopplevinga. Det er allereie etablert anlegg i området, og dei landskapsmessige konsekvensane er såleis vurdert til å vera avgrensa.</p>	-1

Kulturminne og kulturmiljø	<p>Det ligg to tilgrensande kulturmiljø på landsida av innspelet. Områda er vist som omsynssone kulturmiljø/gardsmiljø i kulturminneplanen. Det nordlegaste av desse, Haugsbu, er skildra som våningshus, løe, ruinar, gjengrodd kulturlandskap. Det er fleire sefrakregistrerte bygg i raud kategori i dette området.</p> <p>Det ligg også fleire sefrakregistrerte bygg i raud kategori lenger sør, i Slettavika.</p>	<p>Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte kulturminne.</p> <p>Det er allereie etablert anlegg i området, og ei utviding av føremålet er ikkje vurdert til å ha negative verknader for dei registrerte kulturmiljøa og sefrakregistrerte bygga på landsida.</p>	0
Naturressursar	<p>Innspelet er i konflikt med fleire registrerte fiskeplassar:</p> <ul style="list-style-type: none"> -Ålfjorden/Bjoafjorden – fiskeplass for passive reiskap (garnplasser for sei og lyr, teinefiske etter krabbe, turist- og fritidsfiske i sommerhalvåret). - Ålfjorden/Sveio Øst – fiskeplass for passive reiskap (gode garnplasser sei og lyr, turist – og fritidsfiske i sommerhalvåret) -Søra Årvikneset/Ilholmane – fiskeplass for passive reiskap. -Tittelsnes/Klosterfjorden – reketrålfelt, i hovudsak brukt av reketrålarar frå Bømlo og Kvinnherad kommune. -Ålfjorden/Tittelsnes vest – fiskeplass for aktive reiskap (notfiske etter sei). -Slettavika -låssettingsplass (lite brukt, tidlegare mykje brukt, pga oppdrettsanlegg i vika). 	<p>Innspelet er i konflikt med fleire registrerte fiskeplassar og låssettingsplass i Slettavika.</p> <p>Ei utviding av området gir rom for utviding av anlegget, og såleis potensielt større arealkonflikt.</p>	-2
Teknisk infrastruktur	<p>Bileia Ålfjorden går midt i Ålfjorden, og gjennom fortøyingssona. Farleiaarealet kring bileia dekkjer mesteparten av fjorden, og overlappar med både innspel 1 og fortøyingssona. Deler av innspel 1 overlappar med kvit sektor frå Ålfjord lykt.</p> <p>Det er ingen registreringar av ankrings-, rigg- eller opplagsområde innanfor eller tett ved innspelet.</p> <p>Det er allereie etablert anlegg innanfor innspel 1, og innspelet gir grunnlag for justeringar eller større anlegg. Plassering av anlegg og fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.</p>		-2
Nærmiljø og stadutvikling	<p>Dei næraste areala på landsida er LNF-føremål og det er lite busetnad her. Ei utviding av føremålet vil ikkje medføre vesentlege endringar i verknad for nærmiljø.</p>		0
Næringsliv og sysselsetting	<p>Innspelet gir grunnlag for at dagens lokalisering av anlegget er i tråd med kommuneplanen, samt fleksibilitet med omsyn til endringar på anlegget, og moglegheit for framtidig teknologisk utvikling. Arealet gir avklarte rammer for framtidig utvikling på lokaliteten, og varige løysingar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Innspelet medverkar til føreseielege og trygge arbeidsplassar for dei tilsette i selskapet</p>		+1

	Eventuelle endringar utover dagens situasjon skal handsamast av konsesjonsmynde der ev. vilkår for drift/arealbruk vert sett.	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet vil leggja til rette for akvakulturnæringa i området, noko som kan vera positivt for næringsliv og sysselsetting, og såleis samfunnsnyttig. Dette må vurderast opp mot dei negative miljøkonsekvensane som kan følgje av oppdrettsverksemd.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet 1b (fortøyingssona) ligg innanfor aktsemdområde for skred (snø/steinsprang og jord/flomskred).		
Ekstremvêr Vind og bølger	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg i Ålfjorden, relativt lite eksponert. Kvart anlegg skal godkjennast med anleggssertifikat som dokumenterer at anleggskonfigurasjonen skal tole dei lokale naturkreftene. I tillegg er det krav om risikobasert tilsyn, varsling av uvær og krav til alarm. Generelt er sannsyn for skadar på grunn av ekstremvêr er vurdert til å vera låg med bakgrunn i gjeldande lovverk, medan konsekvensen er høg.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Uluke på sjø	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg i god avstand frå bileia Ålfjorden, men fortøyingsarealet overlappar med denne. Innspelet er i konflikt med kvit sektor frå Ålfjord lykt.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er god avstand mellom innspelet og eksisterande busetnad og regulerte utbyggingsområde.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Vassdragsnatur	Kystvatn	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Næringsliv og sysselsetting
-1	-2	-1	-1	-1	0	-2	-2	0	+1

Positive konsekvensar er knytt til at innspelet gir samsvar mellom KPA og godkjent anleggsplassering, samt at det gir framtidig fleksibilitet med omsyn til endringar på anlegget.



Ei utviding av akvakulturføremålet gir ei arealmessig opning for større anlegg og høgare biomasse på lokaliteten, sjølv om dette må søkast om gjennom sektorlovverket. Utvidinga av føremålet er relativt stort sett i forhold til gjeldande kommuneplan. På kommuneplannivået skal det vurderast kva område som er eigna for akvakultur for å unngå skader på naturmangfaldet. Sveio kommune ligg i produksjonsområde 3, som for tida er i raud sone, dvs. at produksjonskapasiteten i området må reduserast på grunn av vesentleg negativ påverknad på vill laksefisk. Innspelet på utviding av AK-området er likevel positivt tilrådd, på bakgrunn av at det vil gi høve til justeringar i anlegget, og fleire merdar på lokaliteten. Dette gir igjen høve til å ha færre fisk per merd, og moglegheit for ledige merdar som kan nyttast i drifta av anlegget. Betre plass på lokaliteten kan også gi betre vassutskifting, og kan vera positivt med omsyn til fiskevelferd, smittespreiing og resipienttilstand.

Innspelet er i konflikt med kvit sektor frå Ålfjord lykt, og innspelet må justerast slik at det ligg utanfor denne.

ROS-analyse: Skred, ulukke på sjø.

Fagleg vurdering: Justert tilråding, til utanfor kvit sektor

19.1059_2 Akvakultur, 19.1059_2b Kombinert formål i sjø

<p>Gjeldande arealbruk Akvakultur Friluftsområde Fiske FFNFA</p> <p>I Vindafjord kommune: Bruk og vern av sjø og vassdrag Kombinert føremål fiske og ferdsel</p> <p>Innspelet er i hovudsak i tråd med arealsone akvakultur i regional kystsonenplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.</p>	<p>Arealendring</p> 	
<p>Planlagt arealbruk 2: Akvakultur 2b: Fortøyingsområde</p>	<p>2: 434 daa Fortøyingsområde: 1534 daa</p>	
<p>Schildring av området</p>	<p>Innspelet ligg i Ålfjorden, på austsida av Sveio kommune, i tilknytning til lokaliteten Stualand. Lokaliteten er godkjent for 3120 tonn MTB av laks og regnbogeaure (godkjent areal vist med grøn farge i kart til høgre). Sjøtroll havbruk er registrert innehavar.</p>	
<p>Aktuelle problemstillingar</p>	<p>Utviding av eksisterande akvakulturområde gir moglegheit for justeringar av anlegg. Akvakulturføremålet vil omfatte både anlegg og fortøyingar. I tillegg vil fortøyingar kunne lokalisast utanfor akvakulturføremålet. Akvakulturføremålet vil omfatte både anlegg og fortøyingar. I tillegg vil fortøyingar kunne lokalisast utanfor akvakulturføremålet.</p>	

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
<p>Naturmangfald</p>	<p>Naturtypar: Det ligg nokre marine naturtypar på austsida av fjorden, i Vindafjord kommune. Ved Sørehamna, nord for innspelet, ligg eit område med større taeskogforekomstar, med verdi viktig. Ved Guggehamn, aust for innspelet ligg eit område med større taeskogforekomstar med</p>	<p>Det er etablert oppdrettsanlegg innanfor innspelet, og området er såleis påverka av oppdrettsverksemd i dag.</p> <p>Potensiell påverknad for naturmangfald er knytt til arealbeslag, i tillegg til forstyrningar i driftsfasen, som t.d. støy/aktivitet.</p>	<p>-1</p>

	<p>verdi Viktig, og sør for innspelet, i Vikevik ligg eit område med Bløtbnnsområder i strandsonen, med verdi viktig. På landsida ligg det fleire registreringar av naturtypen Regnskog.</p> <p>Naturvern: Ikkje registrert</p> <p>Vilt/funksjonsområde: Innspelet grensar til Vardafjellet, som er registrert som eit svært viktig viltområde.</p> <p>Arter: Sjøfuglane svartbak, makrellterne (EN) og fiskemåke (VU) er registrert på Bleikja, eit skjer like nord for innspelet.</p> <p>Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Det er registrert gytefelt for torsk i området kring Vikevik. Avstanden til dette frå AK-innspelet er om lag 2 km i luftlinje.</p>	<p>Det er kjent at tareplanter (tareskog) kan verte påverka på fleire ulike måtar av utslepp frå oppdrett. Det er vurdert at avstanden til naturtypen er relativt stor, og at verknadane av utvidinga såleis vil vera avgrensa.</p> <p>Innspelet ligg tett på artsregistreringar og funksjonsområde for ein del raudlista sjøfugl. Fuglane kan verta negativt påverka av støy og aktivitet frå anlegg i området. Det er anlegg i området i dag, og verknaden av ei utviding er truleg avgrensa.</p> <p>Avstanden til gytefelt/-område er såpass stor at det er vurdert at innspelet ikkje kjem i konflikt med desse.</p>	
Vassdragsnatur	<p>Anadrome vassdrag: Næraste lakseførande strekning er Svendsbøelva, som ligg om lag 7 km frå anlegget i luftlinje. Næraste nasjonale laksefjord er Etnefjorden – Ølsfjorden, som ligg på det næraste om lag 11 km frå anlegget i luftlinje.</p> <p>Sveio kommune ligg i produksjonsområde 3 (Karmøy til Sotra). På grunn av mykje oppdrettsfisk i området er utsleppet av lakselus høgt, og samla sett er risikoen for dødelegheit på utvandrande laks vurdert som høgt i dette området (HI – risikorapport 2022). På bakgrunn av dette ligg området per i dag i raud sone (produksjonen må reduserast).</p>	<p>Potensiell påverknad av fiskeoppdrett for vassdragsnatur er i hovudsak knytt til påverknad på villfisk (genetisk innblanding ved eventuell rømming, lakselus og annan smitte).</p> <p>Utvida AK-område vil kunne medføre auka biomasse, og dermed forventa auke i mengd lakselus i fjordsystemet. Dette kan igjen medføre auke i dødelegheit av utvandrande laksesmolt og beitande sjøaure. Tillaten biomasse på lokalitetsnivå vert ikkje styrt gjennom plan- og bygningslova, men areal avsett til akvakultur er ein føresetnad. Slik sett gir arealet eit grunnlag som indirekte påverkar bestandsmåla for anadrom fisk. På bakgrunn av dette vil utviding av akvakulturføremålet potensielt ha store negative verknader for vill anadrom fisk og vassdragsnatur.</p>	-2
OKystvatn	<p>Kystvassførekomst: Innspelet ligg innanfor kystvassførekomsten Ålfjorden, som er registrert med god økologisk tilstand og god kjemisk tilstand.</p>	<p>Potensiell påverknad av fiskeoppdrett på kystvatn er knytt til utslepp frå anlegget.</p> <p>Innspelet ligg i eit område med god økologisk tilstand, men i eit relativt lite eksponert område.</p>	-1

	Når det gjeld utslipp frå anlegg og påverknad på kystvassførekomsten konkluderer HI sin risikoreport for 2022 med at det samla for produksjonsområde 3 er låg risiko for miljøeffektar som følgje av auka næringsssalttilførsel frå fiskeoppdrett.	Det er allereie anlegg i området i dag. Verknad av utslipp frå eit fiskeoppdrettsanlegg vil ha verknader lokalt, men verknaden på vassførekomsten er vurdert som låg. Innspelet ligg i eit område med god økologisk tilstand. Verknad av utslipp frå eit fiskeoppdrettsanlegg på vassførekomsten er vurdert som låg.	
Friluftsliv	Statleg sikra friluftsområde: Ingen Det er registrert friluftslivområde på land, men ingen av desse er tilgrensande innspelet, eller tilknytt sjøområda.	Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte friluftsområde. Opplevingsverdien kan verta noko redusert i områda kring anlegget. Det vil også rekreasjon på sjø ved at anlegget vil vera til hinder for ferdsel og fiske. Det er lovfesta fiske- og ferdselsforbod kring akvakultur-anlegg på 100 og 20 meter. Eventuelle nye fortøyinglinjer kan avgrense arealbruk for friluftsliv og rekreasjon. Fortøyingar vil ikkje vera til hinder for båtutfart utanfor ferdselssona. Det er etablert anlegg i området i dag, og ei endring av AK-området vil såleis ikkje medføre store endringar i konsekvens.	0
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområde Ålfjorden, med landskaps-typen middels brede fjordløp. Området er registrert med middels verdi, og skildra som langsmal fjord med lavt relieff på sidelandskapet i indre deler. Jordbruksgrander med beite og slåttemark i veksling med lauvskoglier og opne knauser utan vegtilkomst. Tilgrensande landområde er vist som LNF-område i gjeldande kommuneplan. Det er generelt lite busetnad i områda som har direkte utsikt mot innspelet (nærverknad), men det ligg nokre fritidsbygg relativt tett på, på Stualand. Det er heller ikkje mykje busetnad i tilgrensande landområde på austsida av fjorden	Innspelet gir grunnlag for å etablere nytt og/eller større anlegg. Flytande anlegg som er synleg på sjøoverflata. Arealet er ei utviding av eksisterande føremål. Eventuelt nytt anlegg og utviding av eksisterande anlegg kan ha negativ verknad når det gjeld landskapsopplevinga. Det er allereie etablert anlegg i området, og dei landskapsmessige konsekvensane er såleis vurdert til å vera avgrensa.	-1

	(Vindafjord kommune), og fjernverknaden er såleis avgrensa. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/		
Kulturminne og kulturmiljø	Det ligg ein del sefrak-registrerte bygg langs land i området, både i raud, gul og grå kategori. Det ligg to område som omsynsone i kulturminneplanen i strandsona som grensar til innspelet (sjøbruks/gardsmiljø i nord, ved Stualand) og gardsmiljø i sør ved Bulvik.	Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte kulturminne. Det er allereie etablert anlegg i området, og ei utviding av føremålet er ikkje vurdert til å ha negative verknader for dei registrerte kulturmiljøa og sefrak-registrerte bygga på landsida.	0
Naturressursar	Innspelet overlappar med Tittelsnes/Klosterfjorden – rekestrålfelt, i hovudsak brukt av rekestrålarar frå Bømlø og Kvinnherad kommune. Innspelet overlappar med Ålfjorden/Sveio Øst – fiskeplass for passive reiskap (gode garnplasser sei og lyr, turist – og fritidsfiske i sommerhalvåret) og Ålfjorden/Tittelsnes vest – fiskeplass for aktive reiskap (notfiske etter sei). Fortøyingsområdet overlappar så vidt med Ålfjorden/Bjoafjorden – fiskeplass for passive reiskap (garnplasser for sei og lyr, teinefiske etter krabbe, turist- og fritidsfiske i sommerhalvåret).	Innspelet er i konflikt med fleire registrerte fiskeplassar. Ei utviding av området gir rom for utviding av anlegget, og såleis potensielt større arealkonflikt.	-2
Teknisk infrastruktur	Bileia Ålfjorden går midt i Ålfjorden, og gjennom fortøyingssona. Farleiarealet kring bileia dekkjer mesteparten av fjorden, og overlappar med både innspelet og fortøyingsarealet. Kvit sektor frå Ålfjord lykt overlappar med innspelet. Det ligg eit riggområde (Vikebygd) like sør for innspelet. Det er elles ingen registreringar av ankrings-, rigg- eller opplagsområde innanfor eller tett ved innspelet. Det er allereie etablert anlegg innanfor innspel 1, og innspelet gir grunnlag for justeringar eller større anlegg. Plassering av anlegg og fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.		-2
Nærmiljø og stadutvikling	Dei næraste areala på landsida er LNF-føremål og det er relativt lite busetnad i området. Ei utviding av føremålet vil såleis ikkje medføre vesentleg negativ verknad.		0
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet gir grunnlag for at dagens lokalisering av anlegget er i tråd med kommuneplanen, samt fleksibilitet med omsyn til endringar på anlegget, og moglegheit for framtidig teknologisk utvikling. Arealet gir avklarte rammer for framtidig utvikling på lokaliteten, og varige løysingar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Innspelet medverkar til føreseielege og trygge arbeidsplassar for dei tilsette i selskapet. Eventuelle endringar utover dagens situasjon skal handsamast av konsesjonsmynde der ev. vilkår for drift/arealbruk vert sett.		+1

Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet vil leggja til rette for akvakulturnæringa i området, noko som kan vera positivt for næringsliv og sysselsetting, og såleis samfunnsnyttig. Dette må vurderast opp mot dei negative miljøkonsekvensane som kan følgje av oppdrettsverksemd.
-----------------------------------	---

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Fortøyingssona ligg innanfor aktsemdområde for jord-/flomskred.		
Ekstremvær Vind og bølger	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg i Ålfjorden, relativt lite eksponert. Kvart anlegg skal godkjennast med anleggssertifikat som dokumenterer at anleggskonfigurasjonen skal tole dei lokale naturkreftene. I tillegg er det krav om risikobasert tilsyn, varsling av uvær og krav til alarm. Generelt er sannsyn for skadar på grunn av ekstremvær er vurdert til å vera låg med bakgrunn i gjeldande lovverk, medan konsekvensen er høg.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Ulukke på sjø	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg i god avstand frå bileia Ålfjorden, men fortøyingsarealet overlappar med denne. Innspelet er i konflikt med kvit sektor frå Ålfjord lykt.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er god avstand mellom innspelet og eksisterande busetnad og regulerte utbyggingsområde.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Vassdragsnatur	Kystvatn	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Næringsliv og sysselsetting
-1	-2	-1	0	-1	0	-2	-2	0	+1

Positive konsekvensar er knytt til at innspelet gir samsvar mellom KPA og godkjent anleggsplassering, samt at det gir framtidig fleksibilitet med omsyn til endringar på anlegget. Det er få store negative konsekvensar av innspelet då innspelet er ei utviding av akvakulturføremål i kommuneplanen, og det er få kjente registreringar/interesser innanfor og i nærleiken av innspelet.


Ei utviding av akvakulturføremålet gir ei arealmessig opning for større anlegg og høgare biomasse på lokaliteten, sjølv om dette må søkast om gjennom sektorlovverket. På kommuneplannivået skal det vurderast kva område som er eigna for akvakultur for å unngå skader på naturmangfaldet. Sveio kommune ligg i produksjonsområde 3, som for tida er i raud sone, dvs. at produksjonskapasiteten i området må reduserast på grunn av vesentleg negativ påverknad på vill laksefisk. Innspelet på utviding av AK-området er likevel positivt tilrådd, på bakgrunn av at det vil gi høve til justeringar i anlegget, og fleire merdar på lokaliteten. Dette gir igjen høve til å ha færre fisk per merd, og moglegheit for ledige merdar som kan nyttast i drifta av anlegget. Betre plass på lokaliteten kan også gi betre vassutskifting, og kan vera positivt med omsyn til fiskevelferd, smittespreiing og resipienttilstand.

Innspelet er i konflikt med kvit sektor frå Ålfjord lykt. Innspelet må såleis justerast til å liggja utanfor denne.

ROS-analyse: Skred, ulukke på sjø.

Fagleg vurdering: Justert tilråding, utanfor kvit sektor

19.1059_3 Akvakultur, 19.1059_3b Kombinert formål i sjø

<p>Gjeldande arealbruk Akvakultur Friluftsområde FFNFA</p> <p>I kystsoneplanen for Sunnhordland og ytre Hardanger er AK-området i gjeldande kommuneplan vist som arealsone akvakultur. Det er ikkje gitt høve til utviding av denne sona i regionalplanen.</p>	<p>Arealendring</p> 
<p>Planlagt arealbruk 3: Akvakultur 3b: Fortøyingsområde</p> <p>Lerøy Sjøtroll foreslår at AK-området skal nyttast til tareproduksjon. Konsekvensutgreiinga omfattar såleis tareoppdrett.</p>	
<p>Arealstorleik planlagt arealbruk</p>	<p>3: 176 daa Fortøyingszone: 228 daa</p>
<p>Skildring av området</p>	<p>Innspelet ligg i Bømlafjorden, ved Auklandshamn, og er ei utviding av eksisterande akvakurområde i gjeldande kommuneplan. Det er ingen registrerte løyve eller etablert anlegg på lokaliteten. Det er registrert ein sletta lokalitet i området; Liaskjeret. Det ligg eit akvakulturføremål på austsida av Storøya, nordaust for innspelet, og der ligg det løyve og anlegg for skjel og tare.</p>
<p>Aktuelle problemstillingar</p>	<p>Det er fleire innspel på akvakulturføremål i området, både sørvest for innspelet og nord for innspelet.</p>

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
<p>Naturmangfald</p>	<p>Naturtypar: Nappholmane, nord for innspelet, er registrert med naturtypen Større taeskog-forekomstar, med verdi Viktig. Avstanden mellom innspelet på AK-område til ytterkant av taeskogen er om lag 900 meter. Nappholmane er omfatta av omsynssone grønstruktur i gjeldande kommuneplan.</p> <p>Naturvern: Ikkje registrert</p> <p>Vilt/funksjonsområde: Snøreholmen, like aust for innspelet, er registrert som eit hekkeområde for makrellterne. Makrellterne er registrert som sterkt trua (EN) i norsk rødliste for arter 2021.</p>	<p>Det er ikkje etablert oppdrettsanlegg innanfor eller i nærleiken av innspelet, og området er såleis ikkje påverka av oppdrettsverksemd i dag.</p> <p>Potensiell påverknad for naturmangfald er knytt til arealbeslag, i tillegg til forstyrringar i driftsfasen, som t.d. støy/aktivitet. Innspelet ligg tett på funksjonsområde/ hekkeområde for sjøfugl. Fuglane kan verta negativt påverka av støy og aktivitet frå anlegg i området.</p> <p>Generelt er det mindre miljørisiko ved tareoppdrett enn til dømes fiskeoppdrett fordi tang og tare tar opp i staden for å sleppa ut nærings salt. I tillegg vert det i liten grad brukt</p>	<p>-1</p>

	<p>Nappholmane er registrert som eit hekkeområde for fiskemåke (VU) og gråmåke (VU).</p> <p>Arter: Det er registrert tjeld (NT), fiskemåke (VU) og makrellterne (EN) på Storableikja, like aust for innspelet.</p> <p>På Nappholmane er det registrert tjeld (NT), storskarv (NT), ærfugl (VU), gråmåke (VU) og fiskemåke (VU).</p> <p>Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Dei næraste registrerte gytefelt/-områda ligg i Førdespollen, om lag 4 km frå innspelet i luftlinje. Dette er gyteområde for torsk.</p>	<p>kjemikalier og medisin, og det vert ikkje brukt fôr, slik som med oppdrettsfisk. Industriell tare dyrking kan likevel påverke marine økosystem negativt, mellom anna gjennom spreiding av artar, sjukdomar og genetisk materiale. Det vil truleg vera mindre forstyrrande aktivitet kring eit tareanlegg enn eit fiskeoppdrettsanlegg. Verknadar av anlegg for tang- og tareoppdrett på naturmangfald er såleis ikkje vurdert til å vera vesentleg negativ.</p>	
Vassdragsnatur	<p>Anadrome vassdrag: Næraste kartfesta lakseførande strekning er Åreiddalselva i Bømlo kommune, som ligg om lag 13,5 km frå innspelet i luftlinje.</p> <p>Næraste nasjonale laksefjord er Etnefjorden – Ølsfjorden, som ligg på det næraste om lag 19 km frå anlegget i luftlinje.</p>	<p>Det er ikkje vurdert at det vil vera negative konsekvensar for vassdragsnatur med tareoppdrett.</p>	0
Kystvatn	<p>Kystvassførekomst: Bømlafjorden. God økologisk tilstand og god kjemisk tilstand.</p>	<p>Oppdrett av tare vil ikkje ha kjende negative konsekvensar på kystvatnet.</p>	0
Friluftsliv	<p>Statleg sikra friluftområde: Ingen Det ligg ingen registrerte friluftslivområde innanfor innspelet, og det er heller ingen slike område i strandsona som grensar til området. Det ligg nokre registrerte friluftslivområde på land; turstiar til Slettafjellet og Emberlandsnipen.</p>	<p>Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte friluftsområde.</p> <p>Opplevingsverdien kan verta noko redusert i områda kring anlegget. Det vil også rekreasjon på sjø ved at anlegget vil vera til hinder for ferdsel og fiske. Det er lovfesta fiske- og ferdselsforbod kring akvakultur-anlegg på 100 og 20 meter. Eventuelle nye fortøyingslinjer kan avgrense arealbruk for friluftsliv og rekreasjon.</p> <p>Det er ikkje etablert anlegg i området i dag, og utviding av AK-området og eventuell etablering av anlegg i området vil såleis medføre negative konsekvensar for friluftsliv.</p>	-2
Landskap	<p>Innspelet ligg innanfor landskapsområdet Bømlafjorden, som er ein del av landskapstypen brede fjordløp og fjordmøter. Området er skildra som åpent fjordløp med</p>	<p>Eit oppdrettsanlegg i området vil endre karakteren til landskapet, og denne endringa vil kunne opplevast som noko negativ for dei som har utsikt mot området, som i dag er utan tiltak. Det er</p>	-1

	<p>begrenset kontakt mellom fjordsidene, om området er registrert med middels verdi.</p> <p>Området kring innspelet består av skjergard med øyer og holmar, og det er relativt flatt terreng i tilgrensande landområde.</p> <p>Tilgrensande landområde er vist som LNF-område i gjeldande kommuneplan. Det ligg eit LNF spreidd område med bustader og hytter som har utsikt ned mot AK-området, og eit hyttefelt sørvest for innspelet, der hyttene nærast sjøen vil ha utsikt mot området (nærverknad). Avstanden frå AK-innspelet til dei næraste husa er i underkant av 200 meter. Store deler av bustadområda i sjølve Auklandshamn vil også ha utsikt mot innspelsområdet (fjernverknad).</p> <p>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/</p>	<p>likevel ikkje vurdert som vesentleg negativ verknad for landskap, då eit tareanlegg vil vera mindre dominerande og medføre mindre trafikk enn eit fiskeoppdrettsanlegg.</p>	
Kulturminne og kulturmiljø	<p>Det ligg nokre sefrak-registrerte bygg i området Lia, i både raud, gul og grå kategori. Det er elles ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor eller i tilgrensande areal til innspelet.</p>	<p>Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte kulturminne. Det er ikkje vurdert at innspelet har negative verknader for kringliggjande sefrak-registrerte bygg.</p>	0
Naturressursar	<p>Innspelet overlappar med registrert fiskeplass for passive reiskap Nappholmen – Auklandshamn (garnfiske etter sei og breiflabb). Området er skildra som noko brukt. Like søraust for innspelet ligg låssettingsplassen Vestrevågen. Denne er skildra som lite brukt.</p>	<p>Utviding av akvakulturføremålet og etablering av anlegg i området vil vera negativt for dei registrerte fiskeriinteressene i området. Verknaden vil truleg vera lik for tareanlegg og fiskeoppdrettsanlegg.</p>	-2
Teknisk infrastruktur	<p>Hovudleia Langenuen går på nordsida av innspelet, og det er ikkje i konflikt med verken leia eller farleiarealet kring denne. Fortøyingsarealet overlappar med kvit sektor frå Nappholmen lykt.</p> <p>Det er ingen registreringar av ankrings-, rigg- eller opplagsområde innanfor eller tett ved innspelet. Det er ikkje etablert anlegg innanfor innspelet. Plassering av anlegg og fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.</p>		0
Nærmiljø og stadutvikling	<p>Det er ein del busetnad som vil ha utsikt mot området, og som ligg tett på innspelet. Innspelet ligg også relativt tett på busetnaden i Auklandshamn. Etablering av anlegg i området kan medføre noko negative verknader med omsyn til estetikk og utsikt. Eit tareanlegg vil medføre noko mindre konsekvens for nærmiljøet enn eit fiskeoppdrettsanlegg, då tareanlegg er mindre dominerande og medfører mindre aktivitet kring anlegget, og dermed mindre påverknad i form av støy, lys etc.</p>		-1


Næringsliv og sysselsetting	Utviding av AK-føremålet kan gi potensiale for etablering av akvakulturanlegg i området, noko som vil vera positivt for næringsliv og sysselsetting.	+2
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet vil leggja til rette for akvakulturnæringa i området, noko som kan vera positivt for næringsliv og sysselsetting, og såleis samfunnsnyttig. Dette må vurderast opp mot dei negative miljøkonsekvensane som kan følgje av oppdrettsverksemd.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Ekstremvêr Vind og bølger	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg i Bømlafjorden, middels eksponert. Kvart anlegg skal godkjennast med anleggssertifikat som dokumenterer at anleggskonfigurasjonen skal tole dei lokale naturkreftene. I tillegg er det krav om risikobasert tilsyn, varsling av uvær og krav til alarm. Generelt er sannsyn for skadar på grunn av ekstremvêr er vurdert til å vera låg med bakgrunn i gjeldande lovverk, medan konsekvensen er høg.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Ulukke på sjø	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg i god avstand frå hovudleia Langenuen. Fortøyingsarealet overlappar med kvit sektor frå Nappholmen lykt.		
Sentralnett	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ein kabel gjennom området i vest, som går ut til Nappholmen lykt.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg relativt tett på busetnad, og støy kan vera ei problemstilling.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald i sjø	Vassdragsnatur	Kystvatn	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Næringsliv og sysselsetting
-2	0	0	-2	-1	0	-2	0	-1	+2
<p>Innspelet er ei utviding av eksisterande akvakultur-føremål, men konsekvensutgreiinga tek utgangspunkt i dagens situasjon, som er at det ikkje er anlegg på lokaliteten.</p> <p>Innspelet er på tareoppdrettsanlegg. Tareoppdrett er vurdert til å ha lågare negative konsekvensar enn fiskeoppdrett, mellom anna for naturmangfald.</p> <p>ROS-analyse: Ekstremvêr/vind og bølger, ulukke på sjø, støy</p> <p>Fagleg tilråding innspel: Positiv tilråding, spesifisert tare</p>									

19.1059_4 Akvakultur, 19.1059_4b Kombinert formål i sjø

<p>Gjeldande arealbruk Friluftsliv i sjø Akvakultur FFNFA</p> <p>Innspelet er i hovudsak i tråd med arealsone akvakultur i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.</p>	<p>Arealendring</p> 
<p>Planlagt arealbruk Akvakultur Kombinerte føremål i sjø</p> <p>Lerøy Sjøtroll foreslår at AK-området skal nyttast til tareproduksjon. Konsekvensutgreiinga omhandlar tareoppdrett.</p>	
<p>Arealstorleik planlagt arealbruk</p>	<p>4: 168 daa Fortøyingszone: 196 daa</p>
<p>Skildring av området</p>	<p>Innspelet ligg ved utløpet av Bømlafjorden, sør for Ryvarden, og er ei utviding av eksisterande akvakulturføremål på sørsida av Mølstrevågen. Lerøy Sjøtroll ønskjer å nytta området til produksjon av tang/tareoppdrett. Det er ingen etablerte oppdrettsanlegg innanfor innspelet eller i nærområdet i dag. Det har tidlegare vore etablert anlegg i anlegget. Anlegget viser på flyfoto frå området frå 2004 til 2016. I akvakulturregisteret til Fiskeridirektoratet er Brattholmen S registrert som ein sletta lokalitet. Det næraste eksisterande anlegget er Trettøy, som ligg på grensa til Haugesund kommune. Dette er ein lokalitet for skjel.</p>
<p>Aktuelle problemstillingar</p>	

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
<p>Naturmangfald</p>	<p>Naturtypar: Tilgrensande landareal i sør er omfatta av naturtypen kystlynghei (Langaneset), registrert med svært stor verdi. Tilgrensande landområde i aust består av kystlyngheia Avløppet, registrert med stor og middels verdi. Landareala på nordsida av Mølstrevågen, Ryvardsmarka, er også registrert som kystlynghei av svært stor verdi.</p> <p>Innspelet grensar til tre område med naturtypen større taeskog-forekomster, ved Langaneset, Eikeholmen og Nordre Bleika. Naturtypane er registrert med verdi viktig.</p>	<p>Det er ikkje etablert oppdrettsanlegg innanfor eller i nærleiken av innspelet, og området er såleis ikkje påverka av oppdrettsverksemd i dag.</p> <p>Potensiell påverknad for naturmangfald er knytt til arealbeslag, i tillegg til forstyrringar i driftsfasen, som t.d. støy/aktivitet.</p> <p>Innspelet ligg tett på registreringar av ein del raudlista sjøfugl. Fuglane kan verta negativt påverka av støy og aktivitet frå anlegg i området.</p>	<p>-1</p>

	<p>Naturvern: Ikkje registrert</p> <p>Vilt/funksjonsområde: Innspelet overlappar med det viktige viltområdet Skålaskogvågen, som er registrert som kyst/lynghei.</p> <p>Arter: Det er registrert ein del fuglearter i nærområda til innspelet; teist (NT), stær (NT), tjeld (NT), storskarv (NT), gråspett, svartand (VU), ærfugl (VU), alke (VU), fiskemåke (VU), makrellterne (EN), gråmåke (VU), dvergdykker (EN), svartbak, havørn, toppskarv, tyvjo (VU).</p> <p>Det er ikkje registrert gytefelt/-område eller oppvekstområde tett på innspelet.</p>	<p>Generelt er det mindre miljørisiko ved tareoppdrett enn til dømes fiskeoppdrett fordi tang og tare tar opp i staden for å sleppa ut nærings salt. I tillegg vert det i liten grad brukt kjemikalier og medisin, og det vert ikkje brukt fôr, slik som med oppdrettsfisk. Industriell taredyrking kan likevel påverke marine økosystem negativt, mellom anna gjennom spreining av artar, sjukdomar og genetisk materiale. Det vil truleg vera mindre forstyrrende aktivitet kring eit tareanlegg enn eit fiskeoppdrettsanlegg.</p>	
Vassdragsnatur	<p>Anadrome vassdrag: Næraste kartfesta lakseførande strekning er Fjonselva, som ligg om lag 11 km frå innspelet i luftlinje. Elva har utløp i Ålfjorden.</p> <p>Næraste nasjonale laksefjord er Etnefjorden – Ølsfjorden, som ligg på det næraste om lag 29 km frå anlegget i luftlinje.</p>	<p>Det er ikkje vurdert at det vil vera negative konsekvensar for vassdragsnatur med tareoppdrett.</p>	0
Kystvatn	<p>Kystvassførekomst: Mølstrevågen. God økologisk tilstand og god kjemisk tilstand.</p>	<p>Oppdrett av tare vil ikkje ha kjende negative konsekvensar på kystvatnet.</p>	0
Friluftsliv	<p>Statleg sikra friluftsområde: Ingen Det er ingen registrerte friluftslivsområde innanfor eller tilgrensande til innspelet.</p> <p>På nordsida av Mølstrevågen ligg turstien fram til Ryvarden. Dette er eit svært viktig friluftslivsområde, inkludert sjølve Ryvarden kulturfyrtårn, og Flokehyttene. Ytste delen av Ryvardsneset er eit statleg sikra friluftslivsområde.</p>	<p>Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte friluftslivsområde.</p> <p>Opplevingsverdien kan verta noko redusert i områda kring anlegget. Det vil også rekreasjon på sjø ved at anlegget vil vera til hinder for ferdsel og fiske. Det er lovfesta fiske- og ferdselsforbod kring akvakultur-anlegg på 100 og 20 meter. Eventuelle nye fortøyingar kan avgrense arealbruk for friluftsliv og rekreasjon.</p> <p>Fortøyingar vil ikkje vera til hinder for båtutfart utanfor ferdselssona.</p> <p>Det er ikkje etablert anlegg i området i dag, og utviding av AK-</p>	-2

		området og eventuell etablering av anlegg i området vil såleis medføre negative konsekvensar for friluftsliv.	
Landskap	<p>Innspelet ligg i hovudsak innanfor landskapsområdet Mølstrevågen, type våg- og smalsundlandskap, registrert med verdi 2 – vanleg førekomande landskap. Området er skildra som smale sund og våger. Omfattende industribebyggelse, bosetning og landbruk med skjermet beliggenhet mot havet. Oppdrettsanlegg i sjø.</p> <p>Eit anlegg i området vil vera synleg frå busetnaden ved Avløypet, sjølv om husa her i hovudsak er orientert mot aust/nordaust (nærverknad). Fjernverknaden er avgrensa.</p> <p>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/</p>	Eit oppdrettsanlegg i området vil endre karakteren til landskapet, og denne endringa vil kunne opplevast som noko negativ for dei som har utsikt mot området, som i dag er utan tiltak. Det er likevel ikkje vurdert som vesentleg negativ verknad for landskap, då eit tareanlegg vil vera mindre dominerande og medføre mindre trafikk enn eit fiskeoppdrettsanlegg.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor eller i tilgrensande område til innspelet. Områda kring Ryvarden fyr er registrert som kommunalt listeført kulturmiljø, og på nordsida av vågen er det registrert eit kulturmiljø vist med omsynssone i kulturminneplanen (steinbrot/sjøbruksmiljø). Ved Avløypet ligg det også ei omsynssone i kulturminneplanen, for sjøbruksmiljø/gardsmiljø. Det ligg fleire sefrak-registrerte bygg ved Avløypet og ved Ryvarden.	<p>Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte kulturminne.</p> <p>Det er heller ikkje vurdert at innspelet har negative verknader for kringliggjande kulturmiljø, inkludert sefrak-registrerte bygg.</p>	0
Naturressursar	Det er ikkje registrert fiskefelt eller låssettingsplassar i nærleiken av innspelet.	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Bileia Mølstrevåg går på nordsida av innspelet, og det er ikkje i konflikt med verken leia eller farleiarealet kring denne. Innspelet er ikkje i konflikt med kvit sektor frå Ryvarden fyr eller Mølstrevågen lykt. Det er ingen registreringar av ankrings-, rigg- eller opplagsområde innanfor eller tett ved innspelet. Det er ikkje etablert anlegg innanfor innspelet. Plassering av anlegg og fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Det er noko busetnad på Avløypet, aust for innspelet, men desse husa vil i hovudsak ha utsikt andre vegen. Etablering av anlegg i området kan medføre negative verknader med omsyn til støy, då næraste busetnad ligg om lag 300 meter frå innspelet. Eit tareanlegg vil truleg medføre noko mindre konsekvens for nærmiljøet enn eit fiskeoppdrettsanlegg, då det er mindre aktivitet, støy- og lyspåverknad frå eit tareanlegg.		-1

Næringsliv og sysselsetting	Utviding av AK-føremålet kan gi potensiale for etablering av akvakulturanlegg i området, noko som vil vera positivt for næringsliv og sysselsetting.	+2
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet vil leggja til rette for akvakulturnæringa i området, noko som kan vera positivt for næringsliv og sysselsetting, og såleis samfunnsnyttig. Dette må vurderast opp mot dei negative miljøkonsekvensane som kan følgje av oppdrettsverksemd.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Ekstremvær Vind og bølger	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg i Mølstrevågen, men relativt eksponert plassert ut mot Sletta. Kvart anlegg skal godkjennast med anleggssertifikat som dokumenterer at anleggskonfigurasjonen skal tole dei lokale naturkreftene. I tillegg er det krav om risikobasert tilsyn, varsling av uvær og krav til alarm. Generelt er sannsyn for skadar på grunn av ekstremvær er vurdert til å vera låg med bakgrunn i gjeldande lovverk, medan konsekvensen er høg.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Uluke på sjø	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg relativt tett på bileia Mølstrevåg, men vil ikkje vera i konflikt med denne, då innspelet ligg skjerna innanfor holmar og skjer. Innspelet er ikkje i konflikt med kvit sektor.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg relativt tett på busetnad ved Avløppet, og støy kan vera ei problemstilling, sjølv om bygningane i hovudsak ligg vendt vekk frå innspelet.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Vassdragsnatur	Kystvatn	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Næringsliv og sysselsetting
-1	0	0	-2	-1	0	0	0	-1	+2



Innspelet er ei utviding av eksisterande akvakulturføremål, men konsekvensutgreiinga tek utgangspunkt i dagens situasjon, som er at det ikkje er anlegg på lokaliteten.

Innspelet er på tareoppdrettsanlegg. Tareoppdrett er vurdert til å ha lågare negative konsekvensar enn fiskeoppdrett, mellom anna for naturmangfald. På bakgrunn av dette vert innspelet positivt tilrådd, føresett at det vert spesifisert til tareoppdrett.

ROS-analyse: Ekstremvær/vind og bølger, støy.

Fagleg tilråding innspel: Positiv tilråding, spesifisert tare

19.3387_1 Akvakultur

<p>Gjeldande arealbruk Friluftsliv Akvakultur FFNFA</p> <p>Innspelet er i hovudsak i tråd med arealsone akvakultur i regional kystzoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.</p>	<p>Arealendring</p> 
<p>Planlagt arealbruk Akvakultur Fortøyingane vil gå utanfor dette arealet</p>	
<p>Arealstorleik planlagt arealbruk</p>	<p>462 daa</p>
<p>Skildring av området</p>	<p>Innspelet ligg ved Buavåg i Bømlafjorden, og er ei utviding av eksisterande akvakulturføremål. Det ligg eit anlegg i området i dag, på lokaliteten Hillersvik, som har ein kapasitet på 2340 tonn MTB (godkjent areal vist med grøn farge i kart til høgre). Erko Seafood AS er innehavar av eksisterande løyve.</p> 
<p>Aktuelle problemstillingar</p>	<p>Nærleik til ferjestrekning Buavåg-Langevåg.</p>

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
<p>Naturmangfald</p>	<p>Naturtypar: Det er ikkje registrert naturtypar innanfor eller tett på innspelet. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: Det er registrert storskarv og ærfugl nord for innspelet. Det er ikkje registrert gytefelt/-område eller oppvekstområde i nærleiken av innspelet.</p>	<p>Det er etablert oppdrettsanlegg innanfor innspelet i dag, og området er såleis allereie påverka av oppdrettsverksemd. Potensiell påverknad for naturmangfald er knytt til arealbeslag, i tillegg til forstyringar i driftsfasen, som t.d. støy/aktivitet. Når det gjeld registreringane av fugl, kan desse verta negativt påverka av støy og aktivitet frå anlegg i området.</p>	<p>-1</p>
<p>Vassdragsnatur</p>	<p>Anadrome vassdrag: Næraste kartfesta lakseførande strekning er Fjonselva, som ligg om lag 13 km frå innspelet i luftlinje. Elva har utløp i Ålfjorden, og reell avstand er såleis vesentleg større.</p>	<p>Potensiell påverknad av fiskeoppdrett for vassdragsnatur er i hovudsak knytt til påverknad på villfisk (genetisk innblanding ved eventuell rømming, lakselus og annan smitte).</p>	<p>-2</p>

	<p>Næraste nasjonale laksefjord er Etnefjorden – Ølsfjorden, som ligg på det næraste om lag 22 km frå anlegget i luftlinje.</p> <p>Sveio kommune ligg i produksjonsområde 3 (Karmøy til Sotra). På grunn av mykje oppdrettsfisk i området er utsleppet av lakselus høgt, og samla sett er risikoen for dødelegheit på utvandrande laks vurdert som høg i dette området (HI – risikorapport 2022). På bakgrunn av dette ligg området per i dag i raud sone (produksjonen må reduserast).</p>	<p>Større AK-område gir potensiale for auka biomasse på lokaliteten, og dermed forventa auke i mengd lakselus i fjordsystemet. Dette kan igjen medføre auke i dødelegheit av utvandrande laksesmolt og beitande sjøaure.</p> <p>Tillaten biomasse på lokalitetsnivå vert ikkje styrt gjennom plan- og bygningslova, men areal avsett til akvakultur er ein føresetnad. Slik sett gir auke i AK-arealet eit grunnlag som indirekte påverkar bestandsmåla for anadrom fisk.</p> <p>På bakgrunn av dette vil utviding av akvakulturføremålet potensielt ha negative verknader for vill anadrom fisk og vassdragsnatur</p>	
Kystvatn	<p>Kystvassførekomst: Bømlafjorden. God økologisk tilstand og god kjemisk tilstand.</p> <p>Når det gjeld utslepp frå anlegg og påverknad på kystvassførekomsten konkluderer HI sin risikorapport for 2022 med at det samla for produksjonsområde 3 er låg risiko for miljøeffektar som følgje av auka næringsstofftilførsel frå fiskeoppdrett.</p>	<p>Potensiell påverknad av fiskeoppdrett på kystvatn er knytt til utslepp frå anlegget.</p> <p>Innspelet ligg i eit område med god økologisk tilstand, i eit relativt eksponert område. Det er allereie anlegg i området i dag. Verknad av utslepp frå eit fiskeoppdrettsanlegg vil ha verknader lokalt, men verknaden på vassførekomsten er vurdert som låg.</p>	-1
Friluftsliv	<p>Statleg sikra friluftområde: Ingen Det er ingen registrerte friluftslivområde innanfor innspelet. Sør for innspelet (om lag 300 meter) ligg Kvitaneset, som er registrert som eit viktig friluftslivområde, med tursti, gravrøys og badeplass til sjø.</p>	<p>Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte friluftsområde.</p> <p>Opplevingsverdien kan verta noko redusert i områda kring anlegget. Det vil også rekreasjon på sjø ved at anlegget vil vera til hinder for ferdsel og fiske. Det er lovfesta fiske- og ferdselsforbod kring akvakulturanlegg på 100 og 20 meter. Eventuelle nye fortøyingslinjer kan avgrense arealbruk for friluftsliv og rekreasjon. Fortøyingar vil ikkje vera til hinder for båtutfart utanfor ferdselssona.</p> <p>Utviding av AK-området gir arealmessig opning for større anlegg på lokaliteten. Dette kan igjen føre til meir negative konsekvensar for friluftsliv. Endringa er likevel avgrensa, då det allereie er etablert anlegg på lokaliteten.</p>	-1



Landskap	<p>Innspelet ligg innanfor landskapsområde Bømlafjorden, og har verdi 2. Området er ein del av landskaps-typen brede fjordløp og opne fjordmunninger, og er skildra slik: Åpent bredt fjordløp med omfattende båttrafikk.</p> <p>Terrenget i tilgrensande landområde er relativt flatt.</p> <p>Det er lite busetnad tett på innspelet (nærverknad), men anlegget vil vera synleg frå Buanes. Fjernverknaden er avgrensa.</p> <p>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/</p>	<p>Innspelet gir grunnlag for å etablere større anlegg på lokaliteten. Flytande anlegg som er synleg på sjø-overflata. Arealet er ei utviding av eksisterande føremål.</p> <p>Utviding av eksisterande anlegg kan ha negativ verknad når det gjeld landskapsopplevinga. Det er allereie etablert anlegg i området, og landskapsmessige konsekvensar av endringa er vurdert til å vera relativt små.</p>	-1
Kulturminne og kulturmiljø	<p>Det er ikkje registrerte kulturminne eller kulturmiljø innanfor eller i tilgrensande område til innspelet. Det er ein del registrerte kulturminne og sefrak-registrerte bygg i Hidlesvika nord for anlegget.</p>	<p>Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte kulturminne.</p> <p>Det er allereie etablert anlegg i området, og ei utviding av føremålet er ikkje vurdert til å ha negative verknader for dei registrerte kulturmiljøa og sefrak-registrerte bygga på landsida.</p>	0
Naturressursar	<p>Det er ikkje registrerte fiskeplassar eller låssettingsplassar tett på innspelet. Rekefeltet Bømlafjorden ligg om lag 1 km vest for innspelsgrensa</p>	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	<p>Ferjestrekninga Buavåg – Langevåg går like sør for innspelet, og innspelet overlappar med farleiaarealet kring denne. Dette kan potensielt vera konfliktfylt med omsyn til anleggsplasseringa. Hovudleia Langenuen går vest for innspelet, og innspelet overlappar med farleiaarealet kring denne. Innspelet er ikkje i konflikt med kvit sektor.</p> <p>Det er ingen registreringar av ankrings-, rigg- eller opplagsområde innanfor eller tett ved innspelet. Ved ei utviding av anlegget må plassering av anlegg og fortøyingar vurderast i samband med akvakultursøkknad.</p>		-1
Nærmiljø og stadutvikling	<p>Utvidinga av føremålet går i hovudsak sørover og vestover, og føremålet vil koma nærare busetnaden på Buanes, og anlegget vert meir synleg frå busetnaden i Buavåg dersom det vert trekt vestover. Landområda kring innspelet er elles i hovudsak LNF-område, og det er lite busetnad i områda.</p>		-1
Næringsliv og sysselsetting	<p>Innspelet gir grunnlag for at dagens lokalisering av anlegget er i tråd med kommuneplanen, samt fleksibilitet med omsyn til endringar på anlegget, og moglegheit for framtidig teknologisk utvikling. Arealet gir avklarte rammer for framtidig utvikling på lokaliteten, og varige løysingar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Innspelet medverkar til føreseielege og trygge arbeidsplassar for dei tilsette i selskapet</p> <p>Eventuelle endringar utover dagens situasjon skal handsamast av konsesjonsmynde der ev. vilkår for drift/arealbruk vert sett.</p>		+1
Samfunnsnytte og berekraft	<p>Innspelet vil leggja til rette for akvakulturnæringa i området, noko som kan vera positivt for næringsliv og sysselsetting, og såleis samfunnsnyttig. Dette må vurderast opp mot dei negative miljøkonsekvensane som kan følgje av oppdrettsverksemd.</p>		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Ekstremvêr Vind og bølger	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg relativt eksponert plassert i Bømlafjorden. Kvart anlegg skal godkjennast med anleggssertifikat som dokumenterer at anleggs-konfigurasjonen skal tole dei lokale naturkreftene. I tillegg er det krav om risikobasert tilsyn, varsling av uvêr og krav til alarm. Generelt er sannsyn for skadar på grunn av ekstremvêr er vurdert til å vera låg med bakgrunn i gjeldande lovverk, medan konsekvensen er høg.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Ullukke på sjø	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg relativt tett på ferjestrekninga Langevåg - Buavåg, men er ikkje i direkte konflikt med denne. Innspelet er ikkje i konflikt med kvit sektor.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg relativt tett på busetnaden på Buanes, og støy kan vera ei problemstilling, sjølv om bygningane i hovudsak ligg vendt vekk frå innspelet.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Vassdragsnatur	Kystvatn	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Næringsliv og sysselsetting
-1	-2	-1	-1	-1	0	0	-1	-1	+1
<p>Positive konsekvensar er knytt til at innspelet gir framtidig fleksibilitet med omsyn til endringar på anlegget. Det er få store negative konsekvensar av innspelet då innspelet er ei utviding av akvakulturføremål i kommuneplanen og etablert anlegg, og det er få kjente registreringar/interesser innanfor og i nærleiken av innspelet. Ei utviding av anlegget vestover vil medføre at anlegget vert meir synleg frå busetnaden i Buavåg.</p> <p>Ei utviding av akvakulturføremålet gir ei arealmessig opning for større anlegg og høgare biomasse på lokaliteten, sjølv om dette må søkast om gjennom sektorlovverket. På kommuneplannivået skal det vurderast kva område som er eigna for akvakultur for å unngå skader på naturmangfaldet. Sveio kommune ligg i produksjonsområde 3, som for tida er i raud sone, dvs. at produksjonskapasiteten i området må reduserast på grunn av vesentleg negativ påverknad på vill laksefisk. Innspelet på utviding av AK-området er likevel positivt tilrådd, på bakgrunn av at det vil gi høve til justeringar i anlegget, og fleire merdar på lokaliteten. Dette gir igjen høve til å ha færre fisk per merd, og moglegheit for ledige merdar som kan nyttast i drifta av anlegget. Betre plass på lokaliteten kan også gi betre vassutskifting, og kan vera positivt med omsyn til fiskevelferd, smittespreiing og resipienttilstand.</p> <p>ROS-analyse: Ekstremvêr, vind og bølger, ulla, støy</p> <p>Fagleg tilråding innspel: Justert tilråding, må ta ut den sørlegaste delen, som er nærast fergestrekninga.</p>									

19.561_2 Akvakultur, og 19.561_2b Kombinerte føremål i sjø

<p>Gjeldande arealbruk Friluftsliv Akvakultur FFNFA</p> <p>Innspelet er i hovudsak i tråd med arealsone akvakultur i regional kystzoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.</p>	<p>Arealendring</p> 
<p>Planlagt arealbruk Akvakultur Kombinerte føremål i sjø</p>	
<p>Arealstorleik planlagt arealbruk</p>	<p>2: 356 daa Fortøyingssona: 1302 daa</p>
<p>Skildring av området</p>	<p>Innspelet ligg i Ålfjorden, og er ei utviding av eksisterande AK-område ved lokaliteten Loddetå, eit stykke sør for Tittelsnes. Bremnes Seashore har eit anlegg i området i dag, og lokaliteten har kapasitet på 2340 tonn MTB (godkjent areal vist med grøn farge i kart til høgre). Anlegget ligg i dag dels utanfor område avsett til akvakultur i kommuneplanen.</p> 
<p>Aktuelle problemstillingar</p>	

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
<p>Naturmangfald</p>	<p>Naturtypar: Like sør for innspelet, er Storeviknibba, med naturtypen korallførekomst/hornkoraller registrert, med verdi viktig. Lokaliteten er skildra som tilsynelatande upåverka av organiske tilførslar og tekniske inngrep. Det ligg fleire registreringar av marine naturtypar (skjelsand og større tareskogførekomst) kring Bjoaneset, på austsida av fjorden. Desse ligg meir enn 2 km frå innspelet i luftlinje.</p> <p>Naturvern: Ikkje registrert</p> <p>Vilt/funksjonsområde: Det er registrert eit funksjonsområde/</p>	<p>Det er etablert oppdrettsanlegg innanfor innspelet, og området er såleis påverka av oppdrettsverksemd i dag.</p> <p>Potensiell påverknad av innspelet for naturmangfald er knytt til arealbeslag, i tillegg til forstyrringar i driftsfasen, som t.d. støy/aktivitet.</p> <p>Innspelet ligg tett på naturtypen korallførekomst. Dagens aktivitet i området har tilsynelatande ikkje påverka naturtypen, men ei utviding av anlegget kan potensielt påverke meir negativt.</p>	<p>-2</p>

	<p>hekkeområde for spettefuglar like sørvest for innspelet (Bjørnga).</p> <p>Arter: I Naustvika, innanfor innspelet, er det registrert gråspett og dvergspett</p> <p>Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Næraste registrerte gytefelt ligg om lag 7 km frå innspelet. Dette er Rossaneset/Bjoafjorden, og er eit gyteområde for torsk og hyse.</p>	<p>Når det gjeld funksjonsområde/hekkeområde for spettefuglar, kan dette også potensielt verte meir påverka ved utviding av anlegget.</p> <p>Det er kjent at tareplanter (tareskog) kan verte påverka på fleire ulike måtar av utslepp frå oppdrett. Det er vurdert at avstanden til dei registrerte tareskogførekostane er relativt stor, og at verknadane såleis vil vera avgrensa.</p> <p>Avstanden til gytefelt/-område er såpass stor at det er vurdert at innspelet ikkje kjem i konflikt med desse.</p>	
Vassdragsnatur	<p>Anadrome vassdrag: Næraste kartfesta lakseførande strekning er Frugardselva, som ligg i Stord kommune, om lag 11 km frå innspelet i luftlinje.</p> <p>Næraste nasjonale laksefjord er Etnefjorden – Ølsfjorden, som ligg på det næraste om lag 8 km frå anlegget i luftlinje.</p> <p>Sveio kommune ligg i produksjonsområde 3 (Karmøy til Sotra). På grunn av mykje oppdrettsfisk i området er utsleppet av lakselus høgt, og samla sett er risikoen for dødelegheit på utvandrande laks vurdert som høgt i dette området (HI – risikorapport 2022). På bakgrunn av dette ligg området per i dag i raud sone (produksjonen må reduserast).</p>	<p>Potensiell påverknad av fiskeoppdrett for vassdragsnatur er i hovudsak knytt til påverknad på villfisk (genetisk innblanding ved eventuell rømming, lakselus og annan smitte).</p> <p>Større AK-område gir potensiale for auka biomasse på lokaliteten, og dermed forventa auke i mengd lakselus i fjordsystemet. Dette kan igjen medføre auke i dødelegheit av utvandrande laksesmolt og beitande sjøaure. Tiltalen biomasse på lokalitetsnivå vert ikkje styrt gjennom plan- og bygningslova, men areal avsett til akvakultur er ein føresetnad. Slik sett gir auke i AK-arealet eit grunnlag som indirekte påverkar bestandsmåla for anadrom fisk.</p> <p>På bakgrunn av dette vil utviding av akvakulturformålet potensielt ha negative verknader for vill anadrom fisk og vassdragsnatur</p>	-2
Kystvatn	<p>Kystvassførekost: Innspelet ligg innanfor kystvassførekosten Ålfjorden, som er registrert med god økologisk tilstand og god kjemisk tilstand.</p> <p>Når det gjeld utslepp frå anlegg og påverknad på kystvassførekosten konkluderer HI sin risikorapport for 2022 med at det samla for produksjonsområde 3 er låg risiko</p>	<p>Potensiell påverknad av fiskeoppdrett på kystvatn er knytt til utslepp frå anlegget.</p> <p>Innspelet ligg i eit område med god økologisk tilstand, men i eit relativt lite eksponert område. Det er allereie anlegg i området i dag. Verknad av utslepp frå eit fiskeoppdrettsanlegg vil ha</p>	-1

	for miljøeffektar som følgje av økt nærings salttilførsel frå fiskeoppdrett.	verknader lokalt, men verknaden på vassførekomsten er vurdert som låg.	
Friluftsliv	<p>Statleg sikra friluftsområde: Ingen Det er ingen registrerte friluftsliv-område innanfor innspelet. Innspelet grensar til to svært viktige friluftslivområde: Trollavassnipen/Målefjellet, skildra som tursti til Trollavassnipen, fleire trasear som er merka og skilta med startpunkttafler.</p> <p>Holsvika, skildra som friluftsliv-område tilrettelagt med brygge, badestrand og toalett. Lang strandlinje med fleire vikar og svaberg. Eigna for sjøfiske frå land. Holsvika er også eit statleg sikra friluftslivområde; her skildra som eit mangfoldig friluftslivområde med sterke natur- og friluftskvalitetar, både sjørette og landbaserte.</p>	<p>Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte friluftslivområde.</p> <p>Opplevingsverdien kan verta noko redusert i områda kring anlegget. Det vil også rekreasjon på sjø ved at anlegget vil vera til hinder for ferdsel og fiske. Det er lovfesta fiske- og ferdselsforbod kring akvakultur-anlegg på 100 og 20 meter. Eventuelle nye fortøyingar kan avgrense arealbruk for friluftsliv og rekreasjon. Fortøyingar vil ikkje vera til hinder for båtutfart utanfor ferdselssona.</p> <p>Utviding av AK-området kan medføre meir negativ påverknad for dei svært viktige friluftslivområda som ligg tett på området i strandsona, særleg for Holsvika, som dels vert nytta til sjørette aktivitet, inkludert bading og fiske.</p>	-1
Landskap	<p>Innspelet ligg i ytre del av Ålfjorden, og ligg innanfor landskapsområde Bjoafjorden – Skånevikfjorden, som er ein del av landskapstypen brede fjordløp og fjordmøter, skildra som Variert fjordløp med preg av fjordmøte i ytre deler. Landskapets skala og terrengrelieff gir avgrensa retningsoppfatning av fjorden. Stor variasjonsrikdom. Landskapsområdet er registrert med middels verdi.</p> <p>Det er lite busetnad i nærområdet til anlegget, og nærverknaden er såleis avgrensa. Anlegget er synleg frå busetnaden på Bjoaneset, men avstanden til dette området er relativt stor.</p> <p>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/</p>	<p>Innspelet gir grunnlag for å etablere nytt og/eller større anlegg. Flytande anlegg som er synleg på sjø-overflata. Arealet er ei utviding av eksisterande føremål.</p> <p>Eventuelt nytt anlegg og utviding av eksisterande anlegg kan ha negativ verknad når det gjeld landskapsopplevinga. Det er allereie etablert anlegg i området, og dei landskapsmessige konsekvensane er såleis vurdert til å vera avgrensa.</p>	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det ligg eit automatisk freda skipsvrak innanfor innspelet på fortøyingssområde.	Det ligg allereie eit anlegg i området, med fortøyingar som truleg allereie tek omsyn til skipsvraket. Det er ikkje vurdert	0

	Det ligg nokre sefrak-registrerte bygg ved Naustvika, som grensar til den sørlege delen av innspelet på fortøyingsområde.	at ei utviding av AK-området eller fortøyingsområdet vil medføre vesentleg endring i konsekvens for kulturminne og kulturmiljø.	
Naturressursar	Innspelet overlappar med følgjande fiskefelt: Ålfjorden/Tittelsnes vest – fiskeplass for aktive reiskap (notfiske etter sei) Tittelsnes/Klosterfjorden – rekefiskefelt Ålfjorden/Sveio øst – passive reiskap (garnfiske etter sei, lyr, hyse og krabbefiske) Søra Årvikneset – Ilholmane – passive reiskap (garnfiske etter breiflabb).	Innspelet er i konflikt med fleire registrerte fiskeplassar. Ei utviding av området gir rom for utviding av anlegget, og såleis potensielt større arealkonflikt. Det er allereie etablert anlegg i området, og ei utviding er såleis likevel vurdert til å ha avgrensa verknader.	-1
Teknisk infrastruktur	Bileia Ålfjorden går gjennom innspelet, både på AK-område og fortøyingsområde. Innspelet er i konflikt med kvit sektor frå Ålfjord lykt. Det er ikkje registrerte ankrings-, opplags- eller riggområde i nærleiken av innspelet Det er allereie etablert anlegg i området, og innspelet gir grunnlag for justeringar eller større anlegg. Plassering av anlegg og fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.		-2
Nærmiljø og stadutvikling	Dei næraste areala på landsida er LNF-føremål og det er lite busetnad her. Ei utviding av føremålet vil ikkje medføre vesentlege endringar i verknad.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet gir grunnlag for at dagens lokalisering av anlegget er i tråd med kommuneplanen, samt fleksibilitet med omsyn til endringar på anlegget, og moglegheit for framtidig teknologisk utvikling. Arealet gir avklarte rammer for framtidig utvikling på lokaliteten, og varige løysingar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Innspelet medverkar til føreseielege og trygge arbeidsplassar for dei tilsette i selskapet Eventuelle endringar utover dagens situasjon skal handsamast av konsesjonsmynde der ev. vilkår for drift/arealbruk vert sett.		+1
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet vil leggja til rette for akvakulturnæringa i området, noko som kan vera positivt for næringsliv og sysselsetting, og såleis samfunnsnyttig. Dette må vurderast opp mot dei negative miljøkonsekvensane som kan følgje av oppdrettsverksemd.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet på AK-område og fortøyingsområde overlappar dels med aktsemdområde for skred		
Ekstremvær Vind og bølger	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ytst i Ålfjorden, og meir eksponert enn anlegga lenger inne i fjorden. Kvant anlegg skal godkjennast med anleggssertifikat som dokumenterer at anleggskonfigurasjonen skal tole dei lokale naturkreftene. I tillegg er det krav om risikobasert tilsyn, varslings og krav til alarm. Generelt er sannsyn for skadar på grunn av ekstremvær er vurdert til å vera låg med bakgrunn i gjeldande lovverk, medan konsekvensen er høg.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Utlukke på sjø	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn

	Innspelet er i konflikt med bileia Ålfjorden, og med kvit sektor frå Ålfjord lykt.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Det er god avstand mellom innspelet og eksisterande busetnad og regulerte utbyggingsområde.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Vassdragsnatur	Kystvatn	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Næringsliv og sysselsetting
-2	-2	-1	-1	-1	0	-1	-2	-1	+1

Positive konsekvensar er knytt til at innspelet gir samsvar mellom KPA og godkjent anleggsplassering, samt at det gir framtidig fleksibilitet med omsyn til endringar på anlegget. Det er få store negative konsekvensar av innspelet då innspelet er ei utviding av akvakulturføremål i kommuneplanen, og det er få kjente registreringar/interesser innanfor og i nærleiken av innspelet, med unntak av registrert korallførekomst og skipsvrak.



Ei utviding av akvakulturføremålet gir ei arealmessig opning for større anlegg og høgare biomasse på lokaliteten, sjølv om dette må søkast om gjennom sektorlovverket. På kommuneplannivået skal det vurderast kva område som er eigna for akvakultur for å unngå skader på naturmangfaldet. Sveio kommune ligg i produksjonsområde 3, som for tida er i raud sone, dvs. at produksjonskapasiteten i området må reduserast på grunn av vesentleg negativ påverknad på vill laksefisk. Innspelet på utviding av AK-området er likevel positivt tilrådd, på bakgrunn av at det vil gi høve til justeringar i anlegget, og fleire merdar på lokaliteten. Dette gir igjen høve til å ha færre fisk per merd, og moglegheit for ledige merdar som kan nyttast i drifta av anlegget. Betre plass på lokaliteten kan også gi betre vassutskifting, og kan vera positivt med omsyn til fiskevelferd, smittespreiing og resipienttilstand.

Innspelet er i konflikt med kvit sektor frå Ålfjord lykt, og med bileia Ålfjorden. På bakgrunn av dette må innspelet justerast til å ligga utanfor kvit sektor.

ROS-analyse: Skred, ulukke på sjø

Fagleg tilråding innspel: Justert tilråding , til utanfor kvit sektor

19.561_3 Akvakultur , 19.561_3b Kombinert føremål i sjø

<p>Gjeldande arealbruk Akvakultur Friluftsområde FFNFA</p> <p>Innspelet er i hovudsak i tråd med arealsone akvakultur i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.</p>	<p>Arealendring</p> 
<p>Planlagt arealbruk Akvakultur Kombinerte føremål i sjø</p>	
<p>Arealstorleik planlagt arealbruk</p>	<p>3: 238 daa 3b: 1107 daa</p>
<p>Skildring av området</p>	<p>Innspelet ligg heilt nord i kommunen, på austsida av Tittelsnesklubben, i tilknytning til lokaliteten Tittelsnes. Bremnes Seashore har eit anlegg på lokaliteten, med kapasitet på 2340 tonn MTB (godkjent areal vist med grøn farge i kart til høgre). Anlegget ligg i dag dels utanfor område avsett til akvakultur i kommuneplanen.</p> 
<p>Aktuelle problemstillingar</p>	

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
<p>Naturmangfald</p>	<p>Naturtypar: Innspelet overlappar med naturtypen Større tareskogforekomster, med verdi Lokalt viktig. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Det er registrert ærfugl og storskarv innanfor innspelet. Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Det ligg eit gyteområde for torsk like sør for innspelet, i Eidsvågen.</p>	<p>Potensiell påverknad av innspelet for naturmangfald er knytt til arealbeslag, i tillegg til forstyrringar i driftsfasen, som t.d. støy/aktivitet.</p> <p>Innspelet på fortøyingsområde overlappar med naturtypen større tareskogforekomstar. Det er kjent at tareplanter (tareskog) kan verte påverka på fleire ulike måtar av utslepp frå oppdrett. Ei utviding av anlegget kan medføre auka påverknad på naturtypen.</p>	<p>-1</p>

		<p>Når det gjeld påverknad frå oppdrett på gyteområde for torsk kan oppdrettsanlegg fysisk, eller ved utslepp frå anlegg, forhindre torsk frå å oppsøke sin gytegrunne. Ei utviding av anlegget kan medføre auka påverknad på gyteområdet.</p> <p>Det er etablert oppdrettsanlegg innanfor innspelet, og området er såleis påverka av oppdrettsverksemd i dag. Ei utviding av området medfører potensielt større anlegg og meir påverknad. Det er likevel ikkje truleg at utvidinga vil medføre vesentleg auke i påverknad på registreringane i nærleiken.</p>	
Vassdragsnatur	<p>Anadrome vassdrag: Næraste kartfesta lakseførande strekning er Frugardselva, som ligg i Stord kommune, om lag 7 km frå innspelet i luftlinje.</p> <p>Næraste nasjonale laksefjord er Etnefjorden – Ølsfjorden, som ligg på det næraste om lag 10 km frå anlegget i luftlinje.</p> <p>Sveio kommune ligg i produksjonsområde 3 (Karmøy til Sotra). På grunn av mykje oppdrettsfisk i området er utsleppet av lakselus høgt, og samla sett er risikoen for dødelegheit på utvandrande laks vurdert som høgt i dette området (HI – risikorapport 2022). På bakgrunn av dette ligg området per i dag i raud sone (produksjonen må reduserast).</p>	<p>Potensiell påverknad av fiskeoppdrett for vassdragsnatur er i hovudsak knytt til påverknad på villfisk (genetisk innblanding ved eventuell rømming, lakselus og annan smitte).</p> <p>Større AK-område gir potensiale for auka biomasse på lokaliteten, og dermed forventa auke i mengd lakselus i fjordsystemet. Dette kan igjen medføre auke i dødelegheit av utvandrande laksesmolt og beitande sjøaure. Tillaten biomasse på lokalitetsnivå vert ikkje styrt gjennom plan- og bygningslova, men areal avsett til akvakultur er ein føresetnad. Slik sett gir auke i AK-arealet eit grunnlag som indirekte påverkar bestandsmåla for anadrom fisk.</p> <p>På bakgrunn av dette vil utviding av akvakulturformålet potensielt ha negative verknader for vill anadrom fisk og vassdragsnatur</p>	-2
Kystvatn	<p>Kystvassførekomst: Innspelet ligg innanfor kystvassførekomsten Klosterfjorden, som er registrert med god økologisk tilstand.</p> <p>Når det gjeld utslepp frå anlegg og påverknad på kystvassførekomsten konkluderer HI sin risikorapport for 2022 med at det samla for produksjonsområde 3 er låg risiko for miljøeffektar som følgje av økt</p>	<p>Potensiell påverknad av fiskeoppdrett på kystvatn er knytt til utslepp frå anlegget.</p> <p>Innspelet ligg i eit område med god økologisk tilstand, i eit relativt eksponert område. Det er allereie anlegg i området i dag. Verknad av utslepp frå eit fiskeoppdrettsanlegg vil ha</p>	-1

	næringssalttilførsel frå fiskeoppdrett.	verknader lokalt, men verknaden på vassførekomsten er vurdert som låg.	
Friluftsliv	Statleg sikra friluftområde: Ingen Det er ingen registrerte friluftsliv-område innanfor innspelet. Tilgrensande landområde er Tittelsnesklubben/Røysaneset, som er eit viktig friluftslivområde, av typen Stort turområde utan til rettelegging. Området er også omfatta av omsynssone friluftsliv i gjeldande kommuneplan.	Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte friluftsområde. Opplivingsverdien kan verta noko redusert i områda kring anlegget. Det vil også rekreasjon på sjø ved at anlegget vil vera til hinder for ferdsel og fiske. Det er lovfesta fiske- og ferdselsforbod kring akvakultur-anlegg på 100 og 20 meter. Eventuelle nye fortøyings-linjer kan avgrense arealbruk for friluftsliv og rekreasjon. Fortøyingar vil ikkje vera til hinder for båtutfart utanfor ferdselssona. Det er etablert anlegg i området i dag, og ei endring av AK-området vil såleis ikkje medføre store endringar i konsekvens.	-1
Landskap	Innspelet ligg ytst på Tittelsnes, innanfor landskapsområde Bjoafjorden – Skånevikfjorden, som er ein del av landskapstypen brede fjordløp og fjordmøter, skildra som Variert fjordløp med preg av fjordmøte i ytre deler. Landskapets skala og terrengrelieff gir avgrensa retningsoppfatning av fjorden. Stor variasjonsrikdom. Landskapsområdet er registrert med middels verdi. Anlegget er synleg frå deler av busetnaden i Eidsvåg (nærverknad). Med omsyn til fjernverknad vil anlegget vera synleg frå Bjoaneset og deler av Borgundøy, men avstanden er stor til begge desse områda. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Innspelet gir grunnlag for å etablere nytt og/eller større anlegg. Flytande anlegg som er synleg på sjø-overflata. Arealet er ei utviding av eksisterande føremål. Eventuelt nytt anlegg og utviding av eksisterande anlegg kan ha negativ verknad når det gjeld landskapsopplevinga. Det er allereie etablert anlegg i området, og dei landskapsmessige konsekvensane er såleis vurdert til å vera avgrensa.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne, kulturmiljø eller sefrakregistrerte bygg innanfor innspelet, eller i tilgrensande område.	Innspelet er ikkje i konflikt med registrerte kulturminne.	0
Naturressursar	Innspelet overlappar med fiskefeltet Ålfjorden/Sveio øst – passive reiskap (garnfiske etter sei,	Innspelet er i konflikt med fleire registrerte fiskeplassar.	-1

	<p>lyr, hyse og krabbefiske), og Ålfjorden/Tittelsnes vest – fiskeplass for aktive reiskap (notfiske etter sei)</p> <p>Fortøyingsområdet overlappar med Tittelsnes/Klosterfjorden – rekestrålfelt.</p> <p>Det ligg to låssettingsplassar inne i Eidsvågen; Lyngsnes (noko brukt) og Eidsvågen (mykje brukt)</p>	<p>Ei utviding av området gir rom for utviding av anlegget, og såleis potensielt større arealkonflikt. Det er allereie etablert anlegg i området, og ei utviding er såleis likevel vurdert til å ha avgrensa verknader.</p> <p>Utviding av Ak-området sørover medfører at anlegget eventuelt kan koma nærare låssettingsplassen Lyngsnes. Avstanden er framleis relativt stor (nesten 500 meter), og det er ikkje vurdert at denne endringa medfører større negativ påverknad på</p>	
Teknisk infrastruktur	<p>Bileia Ålfjorden går aust for innspelet, og farleiarealet kring denne overlappar med fortøyingsarealet og dels med innspelet. Fortøyingsområdet er i konflikt med kvit sektor frå Svollandsnes lykt. Innspelet er ikkje i konflikt med registrerte ankrings-, rigg- eller opplagsområde.</p>		0
Nærmiljø og stadutvikling	<p>Dei næraste areala på landsida er LNF-føremål og det er lite busetnad her. Ei utviding av føremålet kan medføre at anlegget vert meir synleg frå busetnaden i Eidsvågen.</p>		-1
Næringsliv og sysselsetting	<p>Innspelet gir grunnlag for at dagens lokalisering av anlegget er i tråd med kommuneplanen, samt fleksibilitet med omsyn til endringar på anlegget, og moglegheit for framtidig teknologisk utvikling. Arealet gir avklarte rammer for framtidig utvikling på lokaliteten, og varige løysingar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Innspelet medverkar til føreseielege og trygge arbeidsplassar for dei tilsette i selskapet</p> <p>Eventuelle endringar utover dagens situasjon skal handsamast av konsesjonsmynde der ev. vilkår for drift/arealbruk vert sett.</p>		+1
Samfunnsnytte og berekraft	<p>Innspelet vil leggja til rette for akvakulturnæringa i området, noko som kan vera positivt for næringsliv og sysselsetting, og såleis samfunnsnyttig. Dette må vurderast opp mot dei negative miljøkonsekvensane som kan følgje av oppdrettsverksemd.</p>		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Ekstremvær Vind og bølger	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	<p>Innspelet ligg ytst på Tittelsnes, og er plassert relativt eksponert i fjorden. Kvart anlegg skal godkjennast med anleggssertifikat som dokumenterer at anleggskonfigurasjonen skal tole dei lokale naturkreftene. I tillegg er det krav om risikobasert tilsyn, varsling av uvær og krav til alarm. Generelt er sannsyn for skadar på grunn av ekstremvær er vurdert til å vera låg med bakgrunn i gjeldande lovverk, medan konsekvensen er høg.</p>		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Uluke på sjø	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Akvakulturføremålet er ikkje i konflikt med farlei eller kvit sektor.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Utvidinga av føremål kan medføre at anlegget kjem tettare på busetnaden i Eidsvåg, og søt kan såleis vera ein problemstilling.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Vassdragsnatur	Kystvatn	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Næringsliv og sysseisetting
-1	-2	-1	-1	-1	0	-1	0	-1	+1

Positive konsekvensar er knytt til at innspelet gir samsvar mellom KPA og godkjent anleggsplassering, samt at det gir framtidig fleksibilitet med omsyn til endringar på anlegget. Det er få store negative konsekvensar av innspelet då innspelet er ei utviding av akvakulturføremål i kommuneplanen, og det er få kjente registreringar/interesser innanfor og i nærleiken av innspelet.

Ei utviding av akvakulturføremålet gir ei arealmessig opning for større anlegg og høgare biomasse på lokaliteten, sjølv om dette må søkast om gjennom sektorlovverket. På kommuneplannivået skal det vurderast kva område som er eigna for akvakultur for å unngå skader på naturmangfaldet. Sveio kommune ligg i produksjonsområde 3, som for tida er i raud sone, dvs. at produksjonskapasiteten i området må reduserast på grunn av vesentleg negativ påverknad på vill laksefisk. Innspelet på utviding av AK-området er likevel positivt tilrådd, på bakgrunn av at det vil gi høve til justeringar i anlegget, og fleire merdar på lokaliteten. Dette gir igjen høve til å ha færre fisk per merd, og moglegheit for ledige merdar som kan nyttast i drifta av anlegget. Betre plass på lokaliteten kan også gi betre vassutskifting, og kan vera positivt med omsyn til fiskevelferd, smittespreiing og resipienttilstand.

ROS-analyse: Ekstremver, vind og bølger

Fagleg tilråding innspel: Positiv tilråding

16.11474 Ta vekk akvakulturanlegg i Ålfjorden

<p>Gjeldande arealbruk Akvakultur</p> <p>Innspelet er ikkje i tråd med regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.</p>	<p>Arealendring Innspelet omhandlar å ta ut alle oppdrettsanlegg i sjø i Ålfjorden. Dette på bakgrunn av negativ påverknad på miljøet av oppdrett, samt at oppdrett ikkje eignar seg i fjordar utan gjennomstrøyming/dårleg vassutskifting. Dette omfattar lokalitetane Stualand, Raunevågen og Loddetå i Sveio kommune. Det er ikkje andre AK-område i gjeldande kommuneplan i Ålfjorden. I Vindafjord kommune ligg lokaliteten Svollandsneset heilt ute på Bjoaneset. I tillegg til AK-områda/lokalitetane i sjø ligg settefiskanlegget Fjon inst i Ålfjorden i Sveio kommune, og settefiskanlegget Trovåg ligg relativt langt inne i fjorden i Vindafjord kommune.</p>
<p>Planlagt arealbruk Ta ut alle oppdrettsanlegg i Ålfjorden.</p>	
<p>Arealstorleik planlagt arealbruk</p>	Ikkje relevant
<p>Skildring av området</p>	Ålfjorden er ein 27 km lang sidefjord til Bjoafjorden og Hardangerfjorden. Vestsida av Ålfjorden ligg i Sveio kommune, austsida ligg i Vindafjord kommune, og den inste delen av fjorden ligg i Tysvær kommune. I den nordlege delen av Ålfjorden er det om lag 450 m djupt, og relativt bratt skråning langs land både på vestsida og austsida av fjorden. Sjøover i Ålfjorden blir det gradvis grunnare.
<p>Aktuelle problemstillingar</p>	Det er allereie etablerte anlegg på dei tre akvakurområda som ligg inne i gjeldande kommuneplan, og det er kome innspel på utviding av alle desse tre lokalitetane. Desse tre anlegga har etablerte løyve til å drive oppdrett, og det er ikkje mogleg å fjerne eller justere desse løyva gjennom plan- og bygningslova/kommuneplanen. Innspelet omhandlar fjerning av <i>anlegga</i> frå Ålfjorden, og konsekvensutgreiinga er basert på dette. Det må likevel presiserast at ein gjennom plan- og bygningslova berre kan fjerna <i>AK-føremåla</i> frå kommuneplanen, ein har ikkje høve til å fjerna anlegg.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald	Det er gjennomført konsekvensutgreiing for utviding av dei tre AK-områda som ligg i Ålfjorden i dag. Det er per i dag anlegg på alle lokalitetane. Det er ingen av innspela som er i direkte konflikt med registrert naturmangfald, men det er registreringar av marine naturtypar, viltområde, registreringar av fugl og gyteområde som kan verte påverka av drifta på anlegga.	Akvakultur påverkar naturmangfald på fleire måtar. Sårbare marine naturtypar kan verte påverka av det organiske utsleppet frå anlegga, vilt, fugl og fisk kan verte forstyrra av støy og aktivitet på anlegget, og det kan vere negativ påverknad på gyteområde. Sjølv om det ikkje er registrert naturmangfald som er i direkte arealkonflikt med anlegga vil ei fjerning av akvakulturanlegga vera positivt for naturmangfaldet i fjorden.	+2
Vassdragsnatur	Avstanden til anadrome vassdrag er mellom 7 og 12 km frå dei eksisterande anlegga. Etnefjorden – Ølsfjorden er ein nasjonal laksefjord, som ligg mellom 8 og 11 km frå anlegga i luftlinje.	Potensiell påverknad av fiskeoppdrett for vassdragsnatur er i hovudsak knytt til påverknad på villfisk (genetisk innblanding ved eventuell rømming, lakselus og annan smitte).	+2

	<p>I lakseregisteret er det to registrerte anadrome vassdrag i Ålfjorden; Svendsbøelva og Fjonselva. Begge elvene er registrert med ikkje-sjølv-reproduserande laksebestand og moderat sjøaurebestand. Av påverknadsfaktorar på sjøaurebestanden er lakselus registrert med stor effekt i begge elvene.</p> <p>Sveio kommune ligg i produksjonsområde 3 (Karmøy til Sotra). På grunn av mykje oppdrettsfisk i området er utsleppet av lakselus høgt, og samla sett er risikoen for dødelegheit på utvandrande laks vurdert som høg i dette området (HI – risikorapport 2022). På bakgrunn av dette ligg området per i dag i raud sone (produksjonen må reduserast).</p>	<p>Fjerning av anlegga i Ålfjorden vil gi reduksjon i mengd lakselus lokalt i fjordsystemet, og dette vil truleg medverke positivt for tilstanden for sjøauren i dei to registrerte anadrome vassdraga i fjorden. Fjerning av anlegga i Ålfjorden vil likevel ikkje redusere biomassen av fisk i Hardangerfjordsystemet eller i produksjonsområdet. Biomassen som i dag står i Ålfjorden vil truleg flyttast til andre lokalitetar i området, då konsesjonane er knytt til oppdrettsselskapa.</p> <p>Ei fjerning av anlegga vil såleis vera positivt for vassdragsnatur lokalt i Ålfjorden, men vil ikkje ha verknad i eit større område.</p>	
Kystvatn	<p>Kystvassførekomst: Anlegga ligg innanfor kystvassførekomsten Ålfjorden, som er registrert med god økologisk tilstand og god kjemisk tilstand.</p> <p>Når det gjeld utslepp frå anlegg og påverknad på kystvassførekomsten konkluderer HI sin risikorapport for 2022 med at det samla for produksjonsområde 3 er låg risiko for miljøeffektar som følgje av økt næringsstoffsutslipp frå fiskeoppdrett.</p>	<p>Potensiell påverknad av fiskeoppdrett på kystvatn er knytt til utslepp frå anlegget.</p> <p>Innspela ligg i ein fjord der vassutskiftinga truleg er moderat. Kystvassførekomsten er registrert med god økologisk tilstand, og anlegga i fjorden har i hovudsak oppnådd «meget god» tilstand ved miljøundersøkingar. Verknaden av å fjerne anlegga frå fjorden er på bakgrunn av dette vurdert som noko positiv for den lokale miljøtilstanden ved anlegga, og i fjorden.</p>	+1
Friluftsliv	<p>Statleg sikra friluftsområde: Ingen Det er ingen registrerte friluftslivsområde innanfor eller tett på anlegga i sjøområda, men det ligg tilgrensande friluftslivsområde på land, som dels er sjøtilknytt.</p>	<p>Innspela er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte friluftsområde.</p> <p>Opplevingsverdien kan verta betra i områda kring anlegga. Det vil også rekreasjon på sjø ved at anlegga kan vera til hinder for ferdsel og fiske. Det er lovfesta fiske- og ferdselsforbod kring akvakultur-anlegg på 100 og 20 meter, og fortøyings-linjer kan avgrense arealbruk for friluftsliv og rekreasjon.</p> <p>Fjerning av anlegga i fjorden vil vera positivt for friluftsliv.</p>	+1

Landskap	<p>Anlegga i fjorden ligg innanfor to ulike landskapsområde:</p> <p>-Bjoafjorden – Skånevikfjorden, som er ein del av landskapstypen brede fjordløp og fjordmøter, skildra som Variert fjordløp med preg av fjordmøte i ytre deler. Landskapets skala og terrengrelieff gir avgrensa retningsoppfatning av fjorden. Stor variasjonsrikdom. Landskapsområdet er registrert med middels verdi.</p> <p>-Ålfjorden, med landskapstypen middels brede fjordløp. Området er registrert med middels verdi, og skildra som langsmal fjord med lavt relieff på sidelandskapet i indre deler. Jordbruksgrander med beite og slåttemark i veksling med lauvskoglier og opne knauser utan vegtilkomst.</p>	Fjerning av alle anlegga i Ålfjorden vil gi positive landskapsmessige konsekvensar.	+2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen av anlegga som er i direkte konflikt med kulturminne eller kulturmiljø. Det ligg nokre kulturmiljø i nærleiken av AK-områda, som har utsyn mot anlegga i dag.	Fjerning av anlegga i fjorden vil vera positivt for nærliggande kulturmiljø, ved at desse ikkje vert visuelt påverka av anlegga i fjorden.	+1
Naturressursar	Dei tre anlegga er i konflikt med fleire registrerte fiskefelt, for både aktive og passive reiskap.	Anlegga er i konflikt med fleire fiskefelt, men bruken av fiskefelta har truleg tilpassa seg plasseringa av anlegga, slik at konfliktpotensialet ikkje er vesentleg. Fjerning av anlegga vil likevel vera positivt for fiskeriene, då det vil medføre større fleksibilitet og mindre potensielle arealkonfliktar både med anlegg og fortøyingar.	+2
Teknisk infrastruktur	Anlegga er i dag dels i konflikt både med bileia som går inn Ålfjorden, og med kvit sektor frå Ålfjord lykt. Sjøtrafikken i området har truleg tilpassa seg dei eksisterande anlegga, og konfliktpotensialet er såleis truleg ikkje vesentleg. Det vil likevel vera positivt å fjerna anlegga med omsyn til framkome i fjorden.		+2
Nærmiljø og stadutvikling	Fjerning av anlegga vil vera positivt for busetnaden som i dag har utsyn mot anlegga, og som kan oppleve anlegga som sjenerande, både med omsyn til estetikk, støy og lys.		+2
Næringsliv og sysselsetting	Fjerning av akvakulturanlegga i Ålfjorden vil vera negativt for næringsliv og sysselsetting.		-2
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet vil vera negativt for akvakulturnæringa i området, og dermed negativt for næringsliv og sysselsetting. Innspelet vil truleg ha positive konsekvensar med omsyn til miljømessig berekraft..		

ROS-analyse
Naturfare

Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Ikkje relevant		
Ekstremvær Vind og bølger	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Ikkje relevant		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Ulukke på sjø	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Ikkje relevant		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Ikkje relevant		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Vassdragsnatur	Kystvatn	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Næringsliv og sysselsetting
+2	+2	+1	+2	+2	+1	+2	+2	+2	-2

Sveio kommune har som del av retningslinjene til arealdelen at det skal leggjast til rette for akvakultur, og å gi plass til vekst i akvakulturnæringa og andre sjøretta næringar, men har også retningslinjer som seier at verdifulle natur- og friluftsområde skal sikrast.

I lakseregisteret er det to registrerte anadrome vassdrag i Ålfjorden; Svendsbølva og Fjonselva. Begge elvene er registrert med ikkje-sjølvreproduserande laksebestand og moderat sjøaurebestand. Av påverknadsfaktorar på sjøaurebestanden er lakselus registrert med stor effekt i begge elvene. Det er i tillegg registrert fleire vassdrag i fjorden med sjøaure, Anndalsbekken, Stemmevatnbekken, Vikeelva og Plasselva på austsida av fjorden (Kjelde: Habitatkartlegging og forslag til tiltak for sjøørret i vassdrag i Vindafjord kommune, RB, 2021). Fjerning av lakseanlegga i Ålfjorden vil truleg ha positiv effekt for sjøaurebestandene i fjorden. Det vert ikkje automatisk mindre oppdrettsfisk i regionen eller mindre påverknad frå oppdrett i produksjonsområdet sjølv om anlegga vert fjerna frå Ålfjorden, og påverknaden på villfisk i Hardangerfjordsystemet vert truleg ikkje endra.

Fjerning av anlegga i sjø i Ålfjorden vil medføre positive konsekvensar for dei fleste KU-tema, med unntak av næringsliv og sysselsetting. Det er etablerte anlegg i fjorden, og det er ikkje kjent at det er større konflikter knytt til desse anlegga enn i andre område. Ålfjorden er registrert med god økologisk tilstand, og Havforskningsinstituttet konkluderer med at det er låg risiko for miljøeffektar som følgje av økt næringsstofftilførsel frå fiskeoppdrett i produksjonsområde 3, som Ålfjorden er ein del av. Anlegga i Ålfjorden har i all hovudsak oppnådd god miljøtilstand på miljøundersøkingane dei seinare åra.

Akvakulturnæringa vert forvalta gjennom sektorlovverk. Dette gjeld både løyve til etablering av anlegg, og oppfølging av drifta gjennom mellom anna miljøundersøkingar. Anlegga som ligg i Ålfjorden har etablerte løyve til å drive oppdrett, og det er ikkje mogleg å fjerne eller justere desse løyva gjennom plan- og bygningslova/kommuneplanen. Dersom AK-områda vert tatt ut av kommuneplanen vil det medføre at anlegga ikkje vil kunne justerast, og det vil ikkje vera nokon form for fleksibilitet med omsyn til framtidige endringar på anlegga.

Ein eventuell beslutning om at det ikkje lenger skal vera oppdrettsverksemd i Ålfjorden er ikkje noko som bør styrast gjennom plan- og bygningslova, men via sektorlovverket. På bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd.

Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding